

Intonasjon i norsk som framandspråk

- tyske studentars realisasjon av intonasjon i norsk

Anne Jorunn Nielsen

Rettleiar

Jan K. Hognestad

Masteroppgåva er gjennomført som ledd i utdanninga ved Universitetet i Agder og er godkjent som del av denne utdanninga. Denne godkjenninga inneber ikkje at universitetet står inne for dei metodar som er nytta og dei konklusjonar som er gjort.

Universitetet i Agder, 2012

Fakultet for humaniora og pedagogikk

Institutt for nordisk og mediefag

FORORD

«Det vi må lære før vi kan gjøre det, det lærer vi ved at vi gjør det.» Aristoteles

Denne oppgåva er skriven som ein del av mastergradsutdanninga i nordisk språk og litteratur ved Universitetet i Agder. Det har vore ein tidkrevande og utfordrande prosess, men eg er både glad og takknemleg for det eg har lært og dei moglegheitene eg har fått gjennom arbeidet med denne oppgåva. Det er ei heil rekke personar som i dette høvet fortener ein takk. Først og fremst vil eg takka rettleiaren min, Jan K. Hognestad, for at han gjorde det mogleg for meg å arbeida med eit fagfelt som eg utan hans rettleiing berre hadde kunna gløyma å ta fatt på på eiga hand! Takk for at du har hatt trua på meg, stilt krav til meg og oppmuntra meg, slik at eg ikkje har gitt opp alle dei gongene eg har hatt kjensla av å ha kasta meg ut på dei «sytti tusen famners djup». Eg vil òg takka Humboldt Universitat zu Berlin for at eg fekk moglegheita til a koma til Berlin for a samla inn data til undersokinga. Tusen takk til informantane som stilte opp, og tusen takk til Hege Langfjeran for tilrettelegging i forkant av, og under besoket i Berlin. Vidare vil eg takka Jana Eder for samtalen med henne i Berlin, og spesielt for at eg vart invitert til a delta pa ATDS Wien 2011, og for at eg fekk presentera prosjektet mitt der. Samstundes ma eg òg fa takka Jakob Grafs Legat til beskrivelse av norsk sprak for den konomiske stotta, som kom godt med i samband med desse turane. Eg vil òg takka for at eg fekk presentera prosjektet mitt i Kontrastivt sprakforum ved Universitetet i Agder, og for tilbakemeldingar fra deltakarane her.

Kollegaene mine ved Universitetsbiblioteket i Agder fortener takk for fagleg assistanse og oppmuntringar. Ein spesiell takk til Hilde Daland for god EndNote rettleiing. Eg vil òg takka vener og familie for a ha spurt korleis det har gatt med oppgava, og for a ha oppmuntra meg undervegs. Tusen takk til Maren Helgeland Nymark som har lese og kommentert oppgava. Tusen takk til tante Marit for faglege diskusjonar samt oppmuntring undervegs. Sist men ikkje minst vil eg takka mamma og pappa. Takk for at de har trua pa meg og for at de stiller opp og hjelper meg nar det trengst. Tusen takk for fine studieturar til Berlin og Wien!

Anne Jorunn Nielsen, Kristiansand, oktober 2012

0.0 INNHALD

FORORD.....	1
0.0 INNHALD.....	2
1.0 PRESENTASJON AV PROSJEKTET	4
1.1 ARBEID I FORKANT AV UNDERSØKINGA	4
1.2 MOTIVASJON FOR VINKLINGA	5
1.3 DEFINISJONAR PÅ INTONASJON.....	5
1.4 TIDLEGARE FORSKING.....	7
1.5 FORMÅL OG PROBLEMSTILLINGAR	8
2.0 FONETIKK OG FONOLOGI.....	9
2.1 TONESPRÅK OG INTONASJONSSPRÅK.....	10
2.2 TEORETISK BAKGRUNN FOR OPPGÅVA	11
3.0 NORSK OG TYSK	13
3.1 NORSK	13
3.2 TYSK	16
3.3 NORSK VERSUS TYSK.....	18
4.0 METODE OG PRESENTASJON AV MATERIALE	19
4.1 VAL AV INFORMANTAR.....	19
4.2 TESTMATERIALE	20
4.3 DEI FYSISKE RAMMENE FOR LYDOPPTAKA	21
4.4 MATERIALE SOM LIGG TIL GRUNN FOR ANALYSEARBEIDET	23
4.5 VAL AV RAMMESETNINGAR OG TESTORD.....	23
5.0 ANALYSE	24
5.1 ANALYSEPROGRAM.....	25
5.1.1 ANALYSE AV SETNINGANE	25
5.1.2 OM GRAFANE SOM VERT NYTTA I ANALYSEN	26
5.2 ANALYSE AV KONTURAR HJÅ INFORMANTANE	29
5.3 ANALYSE AV KONTURAR HJÅ INFORMANT 1	29
5.3.1 H*L- KONTURAR	29
5.3.2 L*H- KONTURAR	33
5.3.3 L*HL- KONTURAR.....	33
5.3.4 OPPSUMMERING AV KONTURAR HJÅ INFORMANT 1	35
5.4 ANALYSE AV KONTURAR HJÅ INFORMANT 2	36
5.4.1 H*L- KONTURAR	36

5.4.2 L*H- KONTURAR	37
5.4.3 L*HL-KONTURAR.....	38
5.4.4 OPPSUMMERING AV KONTURAR HJÅ INFORMANT 2	43
5.5 ANALYSE AV KONTURAR HJÅ INFORMANT 3	43
5.5.1 H*L- KONTURAR	43
5.5.2 L*H- KONTURAR	44
5.5.3 L*HL- KONTURAR.....	46
5.5.4 OPPSUMMERING AV KONTURAR HJÅ INFORMANT 3	49
5.6 ANALYSE AV KONTURAR HJÅ INFORMANT 4	49
5.6.1 H*L- KONTURAR	49
5.6.2 L*H- KONTURAR	50
5.6.3 L*HL- KONTURAR.....	52
5.6.4 H*LH- KONTURAR	52
5.6.5 OPPSUMMERING AV KONTURAR HJÅ INFORMANT 4	54
6.0 DRØFTING.....	55
6.1 FORSLAG TIL FORKLARING PÅ VARIASJON I INTONASJONEN HJÅ INFORMANTANE	57
6.2 AP-ANALYSE VERSUS EIN OVERORDNA INTONASJONSSTRATEGI.....	59
6.3 FLATE KONTURAR	59
6.4 TRYKKPLASSERING	65
6.5 MEIR OM L*HL-KONTURAR OG H*LH-KONTURAR.....	68
6.6 SPØRJESETNINGAR	68
6.7 KORLEIS INTONASJONEN TIL INFORMANTANE SAMSVARAR MED DET NORSKE SYSTEMET SLIK DET FAKTISK ER.....	73
6.8 ANALYSEMESSIGE UTFORDRINGAR	77
7.0 AVSLUTTING.....	78
7.1 KVA HAR MASTEROPPGÅVA MI VIST	79
7.2 FORSLAG TIL VIDARE FORSKING.....	80
8.0 LITTERATUR	82
9.0 VEDLEGGSLISTE	84
9.1 FØRESPURNAD OM DELTAKING I EIT FORSKINGSPROSJEKT	84
9.2 SAMTYKKESKJEMA	85
9.3 GODKJENNING FRÅ NSD.....	86
9.4 TESTSETNINGANE	87
9.5 TESTORDA	89
10.0 SAMANDRAG	90

1.0 PRESENTASJON AV PROSJEKTET

Dersom ein i korte trekk, og utan vanskelege ord skal seia kva denne oppgåva handlar om, så er det musikken i språket. Språkleg musikalitet kan ein finna i einskildord, men òg i ein større kontekst, som på frase- eller setningsplan. Melodien i ei språkleg ytring kan kallast intonasjon (Peters, 2009: 95), alternativt tonegang. I den språklege ytringa kan ein fornemma melodien ved at ein kan høyra og oppfatta dei endringane i tonehøgde som oppstår når nokon snakkar. Dersom ein person hadde snakka utan endring i tonehøgde, ville vedkomande ha snakka heilt flatt, og stemma ville ha høyrte ut som det me gjerne assosierer med ein typisk robotstemme.

Dette er ei oppgåve med tema intonasjon i norsk som framandspråk. Når folk som ikkje har norsk som morsmål lærer seg norsk, er det ofte nettopp melodiske trekk ved språket som gjer at ein kan høyra at dei ikkje har norsk morsmålsbakgrunn. I denne oppgåva har eg sett nærare på kva ei lita gruppe tyske studentar som studerer norsk som framandspråk ved eit tysk universitet, gjer på det melodiske planet når dei snakkar norsk. Dette har eg gjort ved å samla inn lydopptak av studentane og å analysa lydopptaka.

1.1 ARBEID I FORKANT AV UNDERSØKINGA

Det har vore ein god del arbeid i forkant av denne undersøkinga. Då det i vårsemesteret 2010 var klart at temaet for masteroppgåva skulle vera intonasjon i norsk som framandspråk med tyske informantar som grunnlag for undersøkinga, måtte eg koma i kontakt med ei gruppe tyske informantar som kunne snakka norsk. Ettersom det var ønskeleg at informantgruppa skulle bestå av studentar, starta arbeidet med å koma i kontakt med eit tysk universitet der dei hadde undervisning i norsk. Utvalet av tyske universitet som har undervisning i norsk er relativt begrensa, og eg hadde ikkje kontakt med nokre av desse på førehand. Eg var heldig ettersom eg via Jan K. Hognestad kom i kontakt med Hege Langfjæran som jobba med norskundervisning ved Humboldt Universität zu Berlin. Ho sa raskt ja til å vera kontaktperson. I forkant av turen til Berlin var eg såleis mykje i mailkontakt med Hege Langfjæran for å organisera gjennomføringa av undersøkinga. Eg var òg ein del i kontakt med Jana Eder, som òg held til på Humboldt Universität zu Berlin.

Etter å ha kome i kontakt med universitetet i Berlin og fått bekrefta at ei gruppe studentar som lærte norsk her var villige til å stilla som informantar, byrja planlegginga av når sjølve opptaka skulle finna stad. Sidan studentane her ikkje starta haustsemesteret før i midten av oktober, vart det først aktuelt å reisa i midten/slutten av oktober 2010.

Før avreise måtte testmaterialet for undersøkinga vera i boks. Det same måtte søknaden om godkjenning av prosjektet til NSD, Norsk Samfunnsvitenskapelig Datatjeneste.

Både arbeidet med å finna fram til eit testmateriale og det å søka godkjenning frå NSD var tidkrevjande prosessar, men begge delar gjekk heldigvis i orden før avreise til Berlin.

1.2 MOTIVASJON FOR VINKLINGA

Intonasjon er eigentleg ikkje eit tema me har vore mykje innom i norskundervisninga ved Universitetet i Agder. Årsaka til at eg vart merksam på dette emnet, var at eg i februar 2010 deltok på ei forelesning i *Kontrastivt språkforum* ved Universitetet i Agder. Her heldt Jan K. Hognestad, ein av forelesarane mine, eit innlegg om intonasjon i norsk som andrespråk.

Når det gjeld dei to termene *andrespråk* og *framandspråk* er det slik at det i Norden har vore vanleg å skilja mellom andrespråklæring og framandspråklæring på grunnlag av den ulike læringskonteksten. Dersom ein lærer eit språk som *framandspråk*, er det gjerne formell undervisning og klasserommet som er hovudarena for språkinnlæringa. Framandspråket vert ikkje nytta i det ein kjem ut av klasserommet etter at undervisningssituasjonen er ferdig, då nyttar ein morsmålet. *Andrespråk* er eit språk som ein gjerne lærer i undervisningssituasjon, men òg utanom klasserommet, fordi det er dette språket som vert nytta til vanleg i det miljøet der innlæraren bur (Berggreen & Tenfjord, 1999: 16).

Grunnen til at eg valde å fokusera på tyske morsmålsbrukarar, er at eg har studert tysk årsstudium ved Høgskulen i Agder, og dermed har kjennskap til språket. Vidare har eg òg hatt fleire tyske vener som har lært seg norsk, noko som òg har gjort sitt til å vekka interessa for emnet. Som ein liten merknad kan eg jo òg nemna at oldemora mi var tysk. Ho lærte seg norsk i vaksen alder. Sjølv om eg ikkje akkurat gjekk rundt og analyserte intonasjonen hennar då eg var 5-6 år, har hennar tyskprega uttale av norsk nok òg gjort sitt til at eg synest at nettopp dette emnet er interessant. Samstundes kan det nemnast at eg spelar fiolin og at eg er interessert i musikk. Difor var det òg spennande for meg å få moglegheita til å studera musikken i språket nærare.

1.3 DEFINISJONAR PÅ INTONASJON

Peters definerer intonasjon som melodien i ei ytring:

Mit Intonation bezeichnet man die melodische Gestalt einer Äußerung. Sie ergibt sich aus der Wahrnehmung von Tonhöhereigenschaften durch das Gehör. Die Intonation ist somit ein auditives Phänomen (Peters, 2009: 95).

Husby og Kløve definerer intonasjon på følgjande måte:

Med intonasjon mener en den tonale utforminga taleren gir språklige ytringer ved at sekvenser av ulike tonehøyder brukes for å signalisere en lang rekke meningsinnhald. Intonasjon skiller seg fra sang ved at en i sang holder samme tonehøyde over bestemte intervaller, mens en i tale varierer tonehøyden kontinuerlig (Husby & Kløve, 2007: 115-116).

At stemmeleppene kan produsere ein grunntone som kan variera over tid, er eit fenomen alle språk utnyttar. Husby og Kløve (2007: 116) seier at det som heller er interessant, er korleis grunntonevariasjonane vert utnytta som berarar av språklege signal. Tonerørslar og pausar er med på å dela lyd kjeden inn i mindre informasjonseiningar, og ei samansetjing av intonasjonskomponentar og grammatiske komponentar utgjør informasjonsdelane slik dei vert uttrykte i talesignalet. Dei seier òg at intonasjon vert tillagt ulike funksjonar.

Husby og Kløve deler intonasjonen sine funksjonar inn i:

- Aksentuerande funksjon
- Framhevande funksjon
- Diskursiv funksjon
- Grammatisk funksjon
- Talehandlingsfunksjon
- Haldningsmarkerande funksjon
- Turtakingsfunksjon
- Psykologisk funksjon
- Identifiserande funksjon

(Husby & Kløve, 2007: 116-118)

Intonasjonsmønstera vil variera alt etter situasjonen. Det vil til dømes vera skilnad på når vaksne snakkar med ungar, når innfødte snakkar med utlendingar eller når presten held ein tale. Desse funksjonane er ikkje gjensidig ekskluderande fordi ei ytring vil fungera på fleire plan. I tillegg til at talaren nyttar det «normale» intonasjonsmønsteret for morsmålet, bidreg den personlege måten å snakka på til å identifisere talaren (Husby & Kløve, 2007: 118).

Det er slik at intonasjonssystemet er i samspel med øvrige subsystem i grammatikken, som syntaks, semantikk, segmentalfonologi og morfologi. Vidare interagerer intonasjonssystemet med konteksten ytringa førekjem i etter bestemte prinsipp for korleis den

som snakkar, kan strukturera ytringa i relevante informasjonseiningar for at innhaldet ein vil få fram, skal kunna overførast til mottakaren (Nilsen, 1992: 12).

1.4 TIDLEGARE FORSKING

Det har vore mykje forskning på tonelag i norsk, men intonasjonsforskninga i Noreg som tek for seg global intonasjon, er eit område som er relativt ungt som forskingsfelt. Ivar Alnæs publiserte boka *Norsk Sætningsmelodi* allereie i 1916, men dette er det einaste større arbeidet som kan reknast som forskning innan emnet i Noreg før Thorstein Fretheim byrja å arbeida med intonasjonsstudiar på slutten av 1970-talet (Nilsen, 1992: 14). Av arbeid som er gjort om intonasjon i norsk etter dette, kan ein nemna Fretheim (1981), samt arbeid av Randi Alice Nilsen, så som Nilsen (1989) og Nilsen (1992). Nilsen og Fretheim har i sine arbeid hovudsakleg fokusert på austnorsk intonasjon. Det er ikkje mange arbeid om vestnorsk intonasjon, men her kan doktoravhandlinga til Abrahamsen (2003) nemnast.

Vidare kan ein av arbeid som tek for seg norsk fonologi trekkja fram Kristoffersen (2000). Hovudoppgåva *Myter og realiteter om norsk intonasjon*, Tronstad (1995) må òg nemnast. Det same må hovudfagsavhandlinga *Tonemer i en høytonedialekt – En undersøkelse med utgangspunkt i Egersund bymål*, Hognestad (1997), og doktorgradsavhandlinga *Tonelagsvariasjon i norsk – synkrone og diakrone aspekter, med særlig fokus på vestnorsk*, Hognestad (2012).

Intonasjonsforskninga i seg sjølv er relativt ung i Noreg, og dette gjer naturlegvis sitt til at det ikkje er gjort noko særleg arbeid tidlegare som tek for seg intonasjonen i norsk som andrespråk eller framandspråk. Tittelen på Jan K. Hognestad sitt foredrag i kontrastivt språkforum, 26. februar 2010 ved Universitetet i Agder, vitnar òg om at dette er eit felt som er lite utforska. Det hadde tittelen: «Intonasjonen i norsk som andrespråk, et lite bidrag til åpningen av et nytt fagfelt?».

Når det gjeld norsk og tysk i eit kontrastivt perspektiv, vil eg peika på masteroppgåva til Tanja Eik Halsen, Halsen (2007). Dette er ei masteroppgåve i tysk frå Universitetet i Oslo med tittelen *Ein akustischer und auditiver Vergleich zwischen dem Intonationsmuster der deutschen Standardaussprache und dem Intonationsmuster der jeweiligen norwegischen Mundarten "Ostnordisch" und "Helgelanddialekt": hat das Intonationsmuster des Helgelanddialekts mehr Ähnlichkeiten mit dem Intonationsmuster der deutschen Standardsprache als das des Ostnordischen?*

Eg kjem ikkje til å relatera denne oppgåva noko vidare til mi, blant anna fordi den omhandlar eit anna tema enn oppgåva mi. Som det kjem fram av tittelen, er målet med oppgåva til Eik Halsen å samanlikna intonasjonsmønsteret i standardtysk med intonasjonsmønsteret i austnorsk og helgelandsdialekta for å finna ut om helgelandsdialekta har meir likskapar med det tyske intonasjonsmønsteret enn kva austnorsk har. Vidare kjem eg ikkje til å gå nærare inn på oppgåva fordi me har ei noko ulik tilnærming til det me vil undersøkje. Eik Halsen tek utgangspunkt i den tyske setningsintonasjonen i beskrivinga og søker å finna intonasjonsmønster for austnorsk og for helgelandsdialekta for å kunna sjå dei opp mot kvarandre, medan eg nyttar ein analyse basert på ei inndeling i AP-ar (sjå avsnitt 2.2) og forsøker å seia noko om intonasjonen i norsk som framandspråk.

1.5 FORMÅL OG PROBLEMSTILLINGAR

Noko som ofte viser seg å vera vanskeleg å meistra for folk som lærer norsk som framandspråk, er nettopp intonasjonelle forhold ved språket. Det er slik at intonasjonsmønster varierer frå språk til språk og dialekt til dialekt, og at ein ofte kan fastslå ein person sitt geografiske opphav berre ved å lytta til intonasjonen. Intonasjonskomponenten slår ofte gjennom i andrespråkstale og vert ein del av aksenten (Husby & Kløve, 2007: 116).

Dette treng ein verken mastergrad eller doktorgrad i nordisk for å kunna leggja merke til. Om ein høyrer ein innlærer av norsk snakka, er det sjølvstakt fleire faktorar som kan føra til at ein kanskje tenker at vedkomande ikkje har norsk som morsmål, til dømes grammatiske feil eller uttale av vokalar som avvik frå det me forventar. Samstundes kan ein i einskilde høve møta personar som har nærmast perfekt uttale og så å seia ingen grammatiske feil. Det som då gjerne avslører dei, er nettopp reint melodiske, eller intonasjonelle forhold ved språket. Som nemnt er det gjort lite arbeid på korleis innlærarar av norsk meistrar norsk intonasjon. Dette har sjølvstakt vore ein motivasjonsfaktor for meg for å prøva å finna ut noko meir om emnet. I denne oppgåva har eg valt å sjå nærare på korleis eventuelle vanskar i forhold til intonasjonen vil slå ut hjå tyske studentar som lærer norsk ved eit tysk universitet, altså hjå innlærarar av norsk som lærer språket som framandspråk. Forskingsspørsmåla for oppgåva er som følgjer:

1. *Kva slags intonasjonskonturar produserer tyske studentar i møte med norsk?*
2. *Finst det nokon sams trekk ved intonasjonskonturane i materialet til den einskilde informanten eller på tvers av informantane?*
3. *Korleis samsvarar det dei gjer med det norske systemet slik det faktisk er?*

Hovudfokuset for oppgåva mi ligg på sjølve beskrivinga av intonasjonen til dei tyske studentane, men eg vil i drøftingsdelen òg koma inn på kva for faktorar som kan ha hatt innverknad på intonasjonen til informantane.

2.0 FONETIKK OG FONOLOGI

Når ein skal studera språk, kan ein studera ulike sider av denne menneskelege kommunikasjonsforma. Dette er ei oppgåve som er skriven innanfor fagområda fonetikk og fonologi. Fonetikken handlar om korleis menneske lagar språklydar (artikulatorisk fonetikk), korleis lydane vert realiserte som lydbølgjer (akustisk fonetikk) og korleis lydane vert oppfatta (auditiv fonetikk). Fonologien handlar om korleis dei einskilde språka i verda nyttar fonetikken, og om den medvitne eller umedvitne kunnskapen talaren har når det gjeld fonetiske tilhøve ved dei ulike språka. Fonetikk og fonologi heng nøye saman. Fonetikken dannar eit utgangspunkt for fonologien, men det er ofte slik at det er fonologiske problemstillingar som styrer ein når ein driv med fonetisk forskning (Endresen, 2000: 224).

Innan fonologien kan ein studera det som ein kallar einskildsegment. Døme på eit einskildsegment er fonemet. Ein kan sjå på korleis det kan kombinerast med andre fonem, og korleis det vert realisert. Vidare kan ein studera fenomen som må analyserast med utgangspunkt i grupper av fonem (Kristoffersen, 1998: 88-89). Språktrekk som involverer ikkje berre eitt, men fleire fonem når dei vert realiserte, vert kalla *prosodiske trekk*, eller *suprasegmentale trekk*, og omfattar *trykk*, *lengd*, *ordtone* og *intonasjon*. Feil bruk av prosodiske trekk kan vera svært forstyrrande. Dei kan forseinka kommunikasjonen og ofte bryt kommunikasjonen saman, fordi til dømes trykkfordelinga vert framand for den innfødte lyttaren (Husby & Kløve, 2007: 89-90).

Når det gjeld *trykk*, er det eit fenomen som det er lett å identifisera for ein språkbrukar i sitt eige språk. Likevel er det veldig vanskeleg å analysera. Trykk har i utgangspunktet med å gjera at ei eller fleire stavingar i eit ord verkar meir framtrédande, eller prominente, enn andre. Kva er det så som gjer ei trykksterk staving meir framtrédande, og kva består trykk av reint fonetisk? Det er det vanskelegare å svara på. Ein må altså skilja mellom trykk som eit abstrakt fonologisk fenomen og korleis det vert realisert reint fonetisk (Kristoffersen, 1998: 97).

Stavingar med trykk kallast sterke, og stavingar utan trykk svake, jamfør dei kjende og velbrukte omgrepa trykksterk og trykksvak staving. Ein skil ofte mellom to grader av trykk i analysar av trykkplassering: bitrykk og hovudtrykk. Ein finn bitrykk på stavingar som er meir

prominente enn trykklette stavingar, men som likevel ikkje er fullt så prominente som hovudtrykkstavinga (Kristoffersen, 1998: 97-99). I denne oppgåva kjem hovudtrykkstavinga til å utgjera ein viktig rolle i analysearbeidet.

Ulik lengd på vokalane kan gi ulik tyding. Slik er det i mange språk, og også i norsk. Dette kan illustrerast ved ord som ['sto:k] ståk og ['støk] stökk. Det at ein kan skilja mellom to ord på grunn av ulik vokallengd, er ein forskjell som ein må analysera i fonologien (Kristoffersen, 1998: 91).

Tone kan spela ei viktig rolle når me skal signalisera om ei staving er trykksterk. Dette kjem me tilbake til når me skal sjå nærare på tonespråk og norske tonelag.

2.1 TONESPRÅK OG INTONASJONSPRÅK

Verdas språk kan delast inn og kategoriserast etter ulike kriterium. Hovudkategoriane ein kan klassifisera språk etter, er *genetisk klassifikasjon* og *typologisk klassifikasjon*. *Genetisk klassifikasjon* baserer seg på hypotesen om at språk har utvikla seg frå eit felles opphav. Denne tilnærminga har blitt mykje bruka sidan ho vart introdusert med den historisk komparative metoden på slutten av 1800-talet. *Typologisk klassifikasjon* er basert på ei samanlikning av formelle trekk som finst mellom språk. *Typologisk klassifikasjon* grupperer språk på grunnlag av fonologi, grammatikk eller ordforråd snarare enn historisk slektskap. Ein kan til dømes gruppera språk etter korleis dei brukar lydar, kor mange og kva slags vokalar dei har, om dei brukar klikkelydar eller om dei brukar tonar. Vidare kan språk òg verta klassifisert etter om ordstillinga er fast eller fri, og etter kva som er den foretrukne ordstillinga (Crystal, 1987: 293).

Språka kan òg delast inn etter ei *språkgeografisk klassifisering*. Ei klassifisering av denne typen er så å seie det motsette av genetisk klassifikasjon på den måten at ei språkgeografisk klassifisering baserer seg på likheiter mellom språk som er eit resultat av lån og geografisk kontakt mellom språka (Simonsen, 2011).

Desse ulike måtane å klassifisera språk på seier noko om at språket som studieobjekt varierer. Seier ein at ein studerer språk, krevst det ei utdjuping. Held ein seg innan ei typologisk beskriving av språk, må ein òg presisera kva det er ein fokuserer på. Ei typologisk beskriving av verdas språk etter morfologiske eller syntaktiske trekk seier noko anna enn ei inndeling etter musikaliteten i språka.

Dersom ein ser på alle verdas språk, kan desse altså delast inn i ulike grupper nettopp på grunnlag av musikaliteten i dei ulike språka. I samband med denne oppgåva som er skriven

innan fonetikk og fonologi, er det sjølvsagt naturleg å nytta ei inndeling av verdas språk etter språkleg musikalitet.

Tonespråk er språk der musikaliteten stort sett finst på ordplanet, altså på det leksikalske planet. I eit tonespråk er det slik at eit ord kan få fleire ulike tydingar, alt etter kva for tonerørsle ein legg over ordet. Som eksempel på tonespråk kan ein nemna ulike dialektar av kinesisk, som kan ha frå fire til seks leksikalske tonar, eller thai som kan ha opp til fem leksikalske tonar. Peters (2009: 95) nemner mandarin som eit eksempel på tonespråk. Vidare vert språk som engelsk og tysk, som ikkje har leksikalske tonar, men musikalsk variasjon i form av melodien i språket på ytringsplan, altså intonasjonell variasjon, kalla *intonasjonsspråk* (Peters, 2009: 95).

I tillegg til tonespråk og intonasjonsspråk finst det ei gruppe språk som har leksikalske tonar, men berre i begrensa grad. Desse kallar Peters «*Tonakzentsprachen*», og i denne gruppa plasserer han svensk, japansk, men òg «mittelfränkische Dialekte» som «das rheinische Kölsch» (Peters, 2009: 95). Alan Cruttenden presenterer verdas språk i ei inndeling av språka etter *tone languages*, «*stress accent*» *languages* og «*pitch accent*» *languages*. I gruppa «*pitch accent*» *languages* plasserer han språk som japansk og svensk, men òg norsk. «*Pitch accent*» *languages* er etter Cruttenden si inndeling språk som har moglegheit for tonal kontrast, om enn på noko ulikt vis. Vidare er bruken av intonasjon begrensa i «*pitch accent*» språk, på same måten som i tonespråk (Cruttenden, 1997: 11-12). Eg vil koma tilbake til eit forsøk på ei plassering av norsk i forhold til tonespråk og intonasjonsspråk.

2.2 TEORETISK BAKGRUNN FOR OPPGÅVA

Når det kjem til den teoretiske bakgrunnen for oppgåva, har eg teke utgangspunkt i den tilnærminga som er nytta i boka *The Phonology of Norwegian*, skriven av Gjert Kristoffersen. Boka er, som tittelen tilseier, ei bok som presenterer norsk fonologi. Den er såleis ikkje ei innføringsbok i ein spesiell teori, men kan likevel plasserast innan rammeverket for den generative fonologien. Kristoffersen seier sjølv innleiingsvis at han med denne boka ikkje har hatt som formål å forsvare ein spesiell teoretisk ståstad,

(...) but to present data and propose analyses of a specific phonological system in a (hopefully) clear, concise and coherent manner, so that the reader can judge the merits of and perhaps take issue with the solutions offered (Kristoffersen, 2000: v).

Analysen min er basert på *autosegmental teori*, sjå til dømes Gussenhoven (2004: 28-29). Ein slik analyse føreset at melodiar kan verta dekomponerte til sekvensar som består av enkelttonar. Desse tonane held seg som sagt ikkje på segmentnivå, men er autosegment, storleikar som held seg over segmentnivået. At tonane vert omtala som autosegment, har med graden av sjølvstende tonane har i systemet å gjera (Kristoffersen, 2000: 241)

Mellom segmentnivået og autosegmenta ligg det ein del hierarkisk struktur, så som *staving*, *fot*, *trykk* og *mora*. Det er ikkje så lett å definera kva ei *staving* er, men likevel erkjenner alle den fonologiske eksistensen av stavinga. Alle kan dela språket opp i stavingar (Husby & Kløve, 2007: 63). Til dømes har ordet *potetmos* tre stavingar: *po. tet. mos*. Me skal sjå nærare på spennet mellom stavingane, spesielt oppmerksom på det me kallar *fot*. Ein *fot* strekk seg frå ei aksentuert staving til, men ikkje inkludert, neste aksentuerte staving. Frasen kan bestå av eit einskild ord, delar av ord, fleire ord eller ei heil setning, her plassert innanfor{ }.

eit einskild ord:	Han sa { HEI}
delar av ord:	Jeg vil be{STILLe} MAT
fleire ord:	Kan du be{STILLe noe} MAT
ei heil setning:	{ALLer kommet}

Tonegangen vil verta realisert gjennom heile frasen det aksentuerte ordet inngår i (Husby & Kløve, 2007: 107-108). Ein språkleg storleik som går frå ei hovudtrykkstaving fram til neste hovudtrykkstaving, kan me òg definera som ein AP, «*accent phrase*», på norsk *tonelagsgruppe*, eller *aksentfrase*, og desse kan ein rekna som intonasjonsfrasar i norsk. Grunnlaget for analysen i denne oppgåva er basert på ei inndeling i AP-ar.

Trykk er som nemnt eit fenomen som det er lett å identifisera for ein språkbrukar i sitt eige språk, men som det likevel er veldig vanskeleg å analysera, jamfør avsnitt 2.0.

I den teorien som handlar om stavingar, finst det for kvart einskild språk eit templat, eller mønster som alle stavingar fylgjer. Desse templatane har psykologisk realitet for dei som snakkar, og dei er mentale representasjonar av stavingsstrukturen. Tidlegare var det slik at ein var mest oppteken av lange og korte stavingar. No er ein mest oppteken av tunge og lette stavingar. Templatane kan bestå av vekteiningar, *moraer*, eller tidseiningar representerte ved x-ar (Husby & Kløve, 2007: 66).

Innan autosegmental analyse av tone er det spesielt to spørsmål som har vore sentrale, kva som er dei toneberande einingane, «*tone bearing units*» i språket, og korleis dei

toneberande einingane og tonane knyter seg saman «in the course of the phonological derivation» (Kristoffersen, 2000: 241). I nokre språk, til dømes tysk, er det stavinga som er den toneberande eininga i språket, medan det i andre språk, som norsk, kan vera stavinga eller moraen.

3.0 NORSK OG TYSK


3.1 NORSK

I norsk har me to ulike *tonelag*. Den klassiske strukturalismen kallar det *tonem 1* og *tonem 2*. Jamfør denne retninga si inndeling i *fonem* og *morfem*. Ein og annan lesar kan kanskje kjenna omgrepa som *aksent 1* og *aksent 2*, dette er det vanlege termsettet når det vert skriva om norsk på engelsk. I denne oppgåva vert konsekvent uttrykket *tonelag* nytta, altså *tonelag 1* og *tonelag 2*. Forskjellen i desse tonelaga kjem fram i ord som inneheld ei trykksterk staving og ei eller fleire etterfølgjande trykklette stavingar. Eit ord kan då få ulik tyding alt etter tonen, eller tonerørsla på den trykksterke stavinga (Skjeggeland, 2005: 33).

Kva består så desse tonelaga av? Norsk har eigentleg berre to tonar, *L* som står for *låg tone* og *H* som står for *høg tone*. Desse tonane er med på å danna tonelaga. Tonelaga vert igjen realiserte på ulike måtar. Eit klassisk eksempel som ofte vert bruka for å illustrera dei to tonelaga, er orda *tanken*, (*behaldaren*) tonelag 1, og *tanken*, (*det du tenker*) tonelag 2. I frå no av vil eg i teksten markera tonelag 1-ord slik: ¹*tanken* og tonelag 2-ord slik: ²*tanken*.


¹*Tanken* vil på min dialekt, jærsk, som er ein vestnorsk dialekt, verta realisert med H*L, medan ²*tanken* ville verta realisert med L*HL. På austnorsk ville ¹*tanken* fått ein L*H-kontur, og ²*tanken* ein H*LH-kontur. Merk at * markerer aksenttonen, det vil seia at den tonen som er knytta til hovudtrykkstavinga. Dette notasjonssystemet vert i denne oppgåva nytta både for tysk og for norsk. Her kan me sjå grafar eg har laga av orda ¹*tanken* og ²*tanken* uttala av ein austlending og ein vestlending:

Figur 1




Austlending: ¹tanken

Figur 2




Vestlending: ¹tanken

Figur 3



Austlending: ²tanken

Figur 4



Vestlending: ²tanken

Ein kan skilja mellom såkalla høgtonedialektar og lågtonedialektar. Det er vanleg å seia at vestnorske dialektar, og då reknar ein òg med nordnorsk, har *høgtone*. Det vil seia at trykkstavinga har den høgaste tonen. Austnorske dialektar, på den andre sida, har *lågtone*. Det vil naturleg nok seia at den trykksterke stavinga har den lågaste tonen. Beskrivinga gjeld primært ord med tonelag 1. Grensa mellom høgtonedialektar og lågtonedialektar fylgjer i Sør-Noreg så å seie grensa mellom Aust-Agder og Vest-Agder. Innan austnorsk og vestnorsk er det òg stor skilnad på korleis dei to tonelaga vert realiserte kvar for seg. Det vil seia at det er skilnad på korleis dei to tonelaga kjem fram i dei ulike dialektane (Skjeggeland, 2005: 35).

Det at ein i norsk har to ulike tonelag, kan peika i retning av at norsk er eit tonespråk, fordi ein ved å leggja ulik tonerørsle over eit ord, kan få to ulike ord, det me kallar minimale par i fonologien. Likevel har tonelaga liten funksjon samanlikna med verkelege tonespråk, til dømes kinesiske dialektar, som kan ha frå fire til seks leksikalske tonar, eller thai som kan ha fem leksikalske tonar, jamfør avsnitt 2.1.

Nokre norske dialektar har fleire minimale par enn andre, der tonelaget er einaste tydingsskiljande faktor. Det er ikkje slik at det finst minimale par til alle ord i norsk. Sjølv om ein har forskjellar på ord som for eksempel ²*måle* og ¹*målet*, finst ordet ²*såle*, men ikkje ¹*sålet*. På den måten kan ein byggja ned påstanden om at norsk er eit tonespråk. Samtidig må det vera ein leksikalsk spesifisering i språket norsk, ei merking av leksikalske element. For det er slik at eit ord anten har tonelag 1 eller tonelag 2, og dette er noko som må lærast for kvart ord.

På den andre sida finst det dialektar i Noreg som ikkje har tonelag. Bergensdialekta har tonelag, men i eit relativt stort område rundt Bergen manglar tonelaga. Vidare skal dei òg mangla på Helgeland og i Nord-Troms og Finnmark (Kristoffersen, 1998: 107).

Jan K. Hognestad brukte i ei forelesning 10.03.11 setninga *Endene var fine* som eksempel for å illustrera at norsk er noko anna enn eit klassisk tonespråk. I uttalevarianten ¹*Endene var fine*, får dei to orda, ¹*endene* og ²*fine*, behalda sitt eige tonelag. Dette eksempelet er med andre ord framleis konsistent med at norsk er eit tonespråk. Dersom ein derimot ser på setninga *Kalkunene var stygge som juling, men endene var fine*, kan realisasjonen (muligens dialektavhengig) vera: (...) ¹*endene var fine*. Her oppfører norsk seg som om det var eit intonasjonsspråk. Melodien vert i så fall ikkje verande i ordet ²*fine*, den vert sletta, medan melodien i ordet ¹*endene*, spreiar seg over ytringa og overstyrer den opphavlege ordtonen i ordet ²*fine*.

I intonasjonsspråk som engelsk og tysk er nesten all tonal informasjon postleksikalsk. Det vil seia at det musikalske i språket stort sett skjer på setnings- eller fraseplan. I eit tonespråk som mandarin er derimot nesten all tonalitet leksikalsk. Det vil seia at det

musikalske i språket stort sett foregår på ordplan. I norsk skjer det ting både på setnings- eller fraseplan og på ordplan. Med andre ord skjer ein heil del av det musikalske på leksikalsk plan og ein del klart postleksikalsk. Norsk må altså plasserast i ei særstilling mellom «eigentlege» tonespråk og «eigentlege» intonasjonsspråk. Dette får følgjer for kor stort rom det er for intonasjonell variasjon i norsk, jamfør (Kristoffersen, 2000: 274): «The phrase defined by the accentual melodies, the Accent Phrase, can in fact be seen as the basic building block from which the range of possible intonational patterns can be constructed». Det at norsk står ein stad midt mellom tonespråk og intonasjonsspråk, gjer norsk vanskeleg å beskriva og truleg òg innlæringsmessig problematisk.

3.2 TYSK


Tysk har, på same måten som norsk, to tonar: ein høg tone og ein låg tone. Dei vert òg på tysk representert ved bokstaven *H* for *høg*, (tysk *hoch*, eng. *high*) og *L* for *låg*, (tysk *tief*, eng. *low*) (Peters, 2009: 96). I motsetnad til norsk, som har leksikalsk tonelagsmotsetnad, er tonane i tysk knytte til intonasjonen. Norsk og tysk har med andre ord dei same byggeklossane, men dei er brukte noko ulikt i dei to ulike språka.

I tysk er det *intonasjonsfrasen* som er domenet for tonetilordning, og stavinga fungerer som toneberande eining. Ein *intonasjonsfrase* er ein ytringsdel som inneheld akkurat ein *intonasjonskontur*. Ei ytring kan bestå av ein eller fleire intonasjonsfrasar, og inneheld då alt ettersom, ein eller fleire intonasjonskonturar. *Intonasjonskonturar* lar seg identifisera etter to slags kriterium: (1) krav til den minimale strukturen til ein intonasjonskontur og (2) fonetiske markeringar av grensene til ein intonasjonsfrase. Når det gjeld kriterium (1), er det slik at kvar intonasjonsfrase må innehalda minst ei hovudtrykkstaving. Vidare kan ein del av ei ytring berre gjelda som ein intonasjonsfrase om tonehøgdforløpet realiserer ein mogleg intonasjonskontur i det gjeldande språket. Om kriterium (2), fonetiske trekk som kan markera grensene til intonasjonsfrasar, kan til dømes pausar undervegs i talestraumen nemnast som eksempel (Peters, 2009: 96-97).

Ser ein på forholdet mellom intonasjon og syntaks i tysk, er det slik at val av kontur i stor grad er uavhengig av syntaktisk struktur. Tysk har ikkje intonasjonskonturar som er knytte til syntaktisk definerte setningstypar. Det finst altså ingen eigen setningsintonasjon for utsagnssetningar eller spørjesetningar. Likevel er det slik at syntaktiske konstruksjonar eignar seg i ulik grad til å oppfylla intonatorisk relevante funksjonar. Difor vert bestemte syntaktiske konstruksjonar heller kombinerte med ein viss kontur framfor ein annan (Peters, 2009: 100).

Heller ikkje domenet for tonetilordning vert fullstendig bestemt av syntaksen på tysk. Intonasjonsfrasane sine grenser fell ofte saman med grensene til dei syntaktiske konstituentane, men inndeling av ytringar i intonasjonsfrasar lar seg ikkje utelukkande avleia av syntaktisk struktur. Dette syner seg ved at ei og same setning kan fordelast på mange forskjellige intonasjonsfrasar. Intonasjonsfrasar må ikkje stemme overeins med syntaktiske konstituentar. I det følgjande eksempelet er ikkje *Maria mag* og *jetzt nicht essen* syntaktiske konstituentar i tradisjonell forstand. Likevel vert dei rekna som fullverdige intonasjonsfrasar: {*Maria mag*}, {*wie du dir denken kannst*}, {*jetzt nichts essen*}, (Peters, 2009: 100-101).

Det er òg slik at grensene til ein intonasjonsfrase ikkje nødvendigvis fell saman med den sterkaste, men heller med ei svakare syntaktisk grense:



Variant (b) er mindre akseptabel enn variant (a) sjølv om den andre intonasjonsfrasen omfattar heile objektet *zu kennen* i variant (b) og berre relativsetninga i variant (a) (Peters, 2009: 101).











Tonetilordninga i ein intonasjonsfrase i tysk framgår ikkje umiddelbart av den syntaktiske strukturen. I regelen kan kvar einskild syntaktisk konstituent ha fokusaksent og dermed tonehøgaksent. Kva for konstituentar som verkeleg vert aksentuerte, kjem fram av intonasjonsstrukturen til setninga (Peters, 2009: 100-101). «Nur für die Identifizierung des Fokusexponenten innerhalb einer fokussierten Konstituente kommen Regeln ins Spiel, die unmittelbar auf syntaktische Strukturen Bezug nehmen (Peters, 2009: 101)».

Tysk har eit kjerneinventar som består av fire ulike tonehøgaksentar: fallande aksent, «Fallender Akzent» H*L, høgaksent, «Hochakzent» H*, stigande aksent, «Steigender Akzent» L*H og lågaksent, «Tiefakzent» L*. Alle opptretr både i nuklear og prenuklear posisjon (Peters, 2009: 102): Den siste tonehøgaksenten i ein intonasjonsfrase blir kalla

nuklear aksent. Tonehøgdaksentar som kjem før den nukleare aksenten i ein intonasjonsfrase vert kalla prenukleare aksentar (Peters, 2009: 98). I tillegg har tysk to grensetonar, L_1 og H_1 . Grensetonane kan opptre både på slutten av og på byrjinga av ein intonasjonsfrase (Peters, 2009: 102).

Tysk har vidare eit kjerneinventar som består av fem nukleare konturar, som vert danna med utgangspunkt i ein kombinasjon av dei fire allereie nemnde tonehøgdaksentane H^*L , H^* , L^*H og L^* , samt dei finale grensetonane L_1 og H_1 . Konturane vert ulikt realiserte, alt etter om plasseringa til dei nukleare stavingane er final eller ikkje final. Peters illustrerer dei to ulike realiseringsformene slik i forhold til kvarandre (Peters, 2009: 103-104):

Figur 5

	nukleare Silbe in nicht finaler Position	nukleare Silbe in finaler Position
fallende Kontur	 {Sie ist eine Heidelbergerin}, (...) $H^* L \rightarrow L_1$	 {Sie ist blass}, (...) $H^*(L_1)$
fallend-steigende Kontur	 {Sie ist eine Heidelbergerin}, (...) $H^* L \rightarrow H_1$	 {Sie ist blass}, {Sie ist blass}, (...) $H^* L H_1$ (..) $H^* H_1$
hoch-steigende Kontur	 {Sie ist eine Heidelbergerin}, (...) $H^* \rightarrow H_1$	 {Sie ist blass}, (...) $H^* H_1$
zweifach steigende Kontur	 {Sie ist eine Heidelbergerin}, (...) $L^* H \rightarrow H_1$	 {Sie ist blass}, (...) $L^* H(H_1)$
tief-steigende Kontur	 {Sie ist eine Heidelbergerin}, (...) $L^* \rightarrow H_1$	 {Sie ist blass}, (...) $L^* H_1$

3.3 NORSK VERSUS TYSK

Eg har no gitt ein kort presentasjon av dei musikalske sidene ved norsk og ved tysk. Dette har eg gjort for å understreka at det er to ulike typar språk me har med å gjera. Moglegheitene for variasjon i intonasjonen i norsk er begrensa i forhold til tysk på grunn av at me på norsk har tonelag. Kristoffersen seier at: «Apparently due to a need to maintain the tonal accent

contrast, the freedom to assign pitch accents to stressed syllables which differentiate intonational meaning is virtually non-existent in Norwegian» (Kristoffersen 2000, s.274).

Sidan tysk ikkje har dei same restriksjonane som norsk har, kan ein kanskje tenka seg at dette kan føra til ein del variasjon i kva dei tyske informantane kjem til å produsera av tonekonturar.

4.0 METODE OG PRESENTASJON AV MATERIALE

Denne oppgåva har som mål å beskriva trekk ved intonasjonen til tyske studentar som har studert norsk ved eit tysk universitet. For å kunna seia noko meir om dette har eg samla inn eit datamateriale som består av lydopptak av tyske studentar som snakkar norsk. Med utgangspunkt i det, er dette ei oppgåve som er empirisk basert. Samstundes har eg bruka dette materialet til ein akustisk og fonologisk analyse, der eg viser kva slags tonekonturar studentane produserer når dei snakkar norsk. I analysedelen beveger eg meg dermed over i å tolka dei empirisk innsamla dataa.

4.1 VAL AV INFORMANTAR

Informantane for denne undersøkinga er tyske studentar som har studert norsk ved eit tysk universitet i to semester, og som har starta på tredje semester. I utgangspunktet er det lydmateriale frå sju informantar, seks jenter og ein gut. Årsaka til at det er nettopp studentar som er valde ut som informantar for undersøkinga, var at eitt av måla var å koma fram til ei mest mogleg homogen gruppe informantar. Det at studentane har vore «utsette» for den same undervisninga, dei same lærarane, det same innføringskurset i fonetikk og fonologi, det same lyd materialet, og det at dei har lært norsk like lenge, gjorde at dei oppfylte krava om å ha ein nokså lik bakgrunn for språkopplæringsprosessen. Likevel er det andre faktorar som i utgangspunktet var ønskelege å få oppfylte. Til dømes kunne studentane gjerne hatt same tyske regionalspråklege bakgrunn. Årsaka til at det var ønskeleg, var at ein då i større grad kunne ha utelukka ein eventuell påverknad på intonasjonsmønsteret frå dei ulike regionale variantane av tysk.

Av størst betydning for påverknad av norsken deira, er nok i undervisningssamanheng språket til lærarane og språket som er nytta i lytteøvingar som høyrer til lærebøkene som vert brukte. Studentane eg har nytta som informantar i denne undersøkinga, har hatt lærarar med ulik språkbakgrunn. Den eine læraren er trøndar, medan den andre har bakgrunn både i norsk, svensk og tysk. Når det gjeld lydmateriale nytta i fonologikurset til studentane, består dette

blant anna av lytteøvingar frå læreboka *Ny i Norge*. Lydmaterialet her er stort sett på austnorsk, men har òg innslag av til dømes bergensk.

Utanom påverknad frå lærarar og lydmateriale i undervisningssamanheng, vil sjølvstøtt påverknad frå vener og familie som kan norsk, ha mykje å seia. Om ein høyrer mykje norsk elles, til dømes om ein ser tv eller liknande, vil dette òg sannsynlegvis påverka norsken dei lærer.

4.2 TESTMATERIALE

Når ein skal foreta ei undersøking der sjølv språket er grunnlaget for analysen, krev det ein del planlegging i forkant av sjølv opptaka. Ein må ha valt ut korleis ein skal gjennomføra lydopptaka og kva opptaka skal bestå av. Til dømes må ein gjera seg opp tankar om materialet berre skal bestå av tilnærma lik fri tale i form av til dømes intervju, eller om det skal bestå av lese materiale, eller begge delar. For min del var det ikkje sjølvstøtt kva slags testmateriale som best kunne egna seg for at eg skulle kunna seia noko om intonasjonen hjå informantane. I forkant av undersøkinga vart testmaterialet difor utprøvd på førehand i ei pilotundersøking. Informantane for pilotundersøkinga var to tyske studentar som deltok på sommarkurset ved Universitetet i Agder, sommaren 2010. Denne undersøkinga førte til nokre endringar i forhold til det opprinneleg planlagte testmaterialet. Testmaterialet som til slutt vart samla inn hausten 2010, består av fem ulike delar:

- Eit intervju, eller ein samtale, på tysk.
- Høgtlesing av eit utdrag frå den tyske boka *Momo* av Michael Ende.
- Om lag 60 norske testsetningar
- Den norske utgåva av «Nordavinden og sola».
- Eit intervju, eller ein samtale, på norsk.

Både den tyske og den norske intervjudelen, eller samtaledelen, tek utgangspunkt i spørsmål som eg har utarbeidd på førehand. Stykket frå *Momo* vart vald fordi det inneheld både referat og direkte tale, og fordi ein då eventelt kunne sjå om det var noko skilnad på korleis intonasjonen vart realisert i referat og direkte tale. Dei om lag 60 testsetningane som informantane vidare vert sett til å lesa, er setningar som har blitt utarbeidd med utgangspunkt i testmaterialet som vart nytta i prosjektet «Norsk tonelagstypologi».

«Norsk tonelagstypologi» er eit prosjekt som vart finansiert av Norges forskningsråd 2000-2002. Prosjektet vart leia av Gjert Kristoffersen (Universitetet i Bergen), og Ove Lorentz (Universitetet i Tromsø) og Jan K. Hognestad (Universitetet i Agder) var prosjektmedarbeidarar. Målet med dette prosjektet var å kartleggja variasjon i tonelagsrealisajon i norske dialektar, og vidare å undersøka i kva for grad variasjonen lar seg avleia frå eitt underliggjande system (Kristoffersen, 2009). Eg har i utgangspunktet gjort ein heil del endringar i dette testmaterialet. Desse endringane er likevel ikkje så omfattande at dei fører til at ein må utelukka all samanlikning av resultata opp mot dei ulike norske dialektane som det allereie finst lydopptak frå.

Vidare inneheld testbatteriet som nemnt den norske utgåva av eventyret «Nordavinden og sola». At det var akkurat teksten «Nordavinden og sola» som vart vald, var for at det då ville opna for ei vidare samanlikning med ulike lesingar av teksten som er å finna på NTNU si heimeside på adressa: <http://www.ling.hf.ntnu.no/nos/>.

I etterkant av pilotundersøkinga vart det gjort nokre småjusteringar på nokre av dei 60 testsetningane. Det var òg først etter pilotundersøkinga at intervjudelen på tysk og den tyske teksten vart tekne med i materialet. Årsaka til at det tyske intervjuet og den tyske teksten vart inkluderte i materialet, var både for at studentane skulle få tid til å bli komfortable med situasjonen før dei skulle seia noko på norsk, samstundes for i ettertid eventuelt å kunna ha moglegheita for å illustrera dei intonasjonelle forholda ved språket deira, i dette høvet standardtysk. I tillegg kunne ein òg ha teke opptak av at dei snakka eller las på regionalspråket sitt. På den måten kunne ein i større grad ha forsøkt å seia noko om ein eventuell samanheng mellom regionale variantar av tysk og kva det kan ha å seia for realisajon av norsk intonasjon. Grunna rammene for denne avhandlinga hadde dette blitt eit for stort prosjekt, men det kunne vore aktuelt å ta føre seg dette grundigare i ei seinare undersøking.

4.3 DEI FYSISKE RAMMENE FOR LYDOPPTAKA

Det melder seg ein heil del krav i samband med gjennomføringa av lydopptaka for ei oppgåve av denne typen, sidan det er desse som dannar sjølve hovudkjelda for analysedelen. I og med at datamaterialet vart samla inn i Tyskland, var det ekstra viktig at opptaka vart best mogleg på første forsøk. Dette var òg litt av årsaka til at eg sommaren 2010 valde å gjennomføra ei pilotundersøking.

Testmaterialet vart altså prøvd ut på to norsktalende tyske studentar som deltok på eit sommarkurs ved Universitetet i Agder. Ved å gjennomføra denne pilotundersøkinga kom det fram både faglege og reint praktiske problemstillingar som det var nyttig å ha tenkt gjennom i forkant av den faktiske undersøkinga. Det synte seg som sagt mellom anna at det kunne vera fruktbart å endra på eit par ting ved testmaterialet. Vidare var det bra fordi det gav erfaring i korleis ein reint praktisk kan gjennomføra eit lydopptak på best mogleg måte når ein ikkje har erfaring med dette frå tidlegare. Samstundes gav det tryggleik å kjenna til settinga og intervjuaren si rolle i ein lydopptakssituasjon. Pilotundersøkinga gav òg erfaring i forhold til kva ein må vera merksam på med tanke på kva som kan verka forstyrrende på opptaka. Eksempel på slike faktorar kan vera støy frå bilar dersom ein ikkje har lukka vindaug, men òg faktorar som at ein som intervjuar snakkar for mykje. Det var fint å ha gjort seg erfaringar med dette før Berlin. I Berlin synte det seg at det rommet som i utgangspunktet skulle nyttast til opptak, ikkje var lydtett. Dermed var det ikkje så godt egna til lydopptak. Heldigvis lot det seg gjera å få tilgang til et lydstudio i same bygg, der opptaka kunne gjennomførast med vellukka resultat.

Til å gjennomføra opptaka vart ein digital opptaksmaskin av typen Edirol R-09RH nytta. Vidare vart ein ekstra bordmikrofon av merket Sony ECM - MS907 kopla til opptaksmaskinen. Kvar opptak varte i 15-20 minutt, men det tok litt lengre tid, sidan informantane skulle lesa gjennom skrevet «Førespurnad om deltaking i eit forskningsprosjekt» (sjå vedlegg 9.1) og skriva under på samtykkeskjemaet (sjå vedlegg 9.2). Den største tidsvariasjonen var på intervjudelane.

Dei om lag 60 testsetningane var på førehand sette inn i plastlommer i tilfeldig rekkefølge og deretter sette inn i ein perm. Informanten fekk beskjed om at kvar og ei av setningane var uavhengig av dei andre, og at det var viktig at dei venta med å lesa setninga til eg var ferdig med å bla om til neste side. Dette for ikkje å få med unødig støy, og også for at dei ikkje så lett skulle lesa opp setningane med opprampsingsintonasjon.

Som ofte elles i testsituasjonar, bar situasjonen preg av å vera konstruert, kor mykje dette enn vart forsøkt unngått. Labov (1972: 209) snakkar om *the Observer's Paradox*. Målet for lingvistiske undersøkingar i samfunnet er eigentleg å finna ut korleis folk snakkar når dei ikkje vert systematisk observert, samstundes kan me berre få tilgang på desse dataa ved systematisk observasjon. Det meste av testmaterialet i denne undersøkinga var utarbeidd på førehand, og la dermed føringar for samtalen. Det er heller ikkje akkurat vanleg å føra ein samtale inne i eit trangt lydrom med ein lydopptaksmaskin og ein mikrofon liggjande på bordet framfor seg. Ein annan faktor som òg spelar inn, er den at informantane vert ekstra

utfordra ved at dei må snakka på eit anna språk enn morsmålet. Likevel er det den beste måten å gjera det på. Dersom ein ikkje har utarbeidd testmaterialet på førehand, kan det vera vanskelegare å nytta lydopptaka i etterkant. Lydkvalitetsmessig var det positivt at opptaka vart gjorde i eit lydrom. Og det at informantane skulle snakka på eit anna språk enn morsmålet, var jo i dette tilfellet heile poenget.

4.4 MATERIALE SOM LIGG TIL GRUNN FOR ANALYSEARBEIDET

Som vist er det eit relativt omfattande materiale som i utgangspunktet vart samla inn i samband med denne undersøkinga. I og med at eg reiste til Tyskland for å gjennomføra opptak av informantane, var det eit viktig poeng å sikra seg nok materiale som kunne nyttast til analysearbeidet. Når ein samlar inn eit materiale, veit ein ikkje kva som vil vera optimalt å nytta vidare i ein analysesamanheng. At det innsamla materialet er såpass stort, kjem av at eg ville sikra meg nok brukbart materiale.

Testmaterialet består i utgangspunktet både av lesing og av tale, i form av intervju. Tanken var at både samtalen med informantane på norsk, dei norske testsetningane, og teksten «Nordavinden og sola» skulle analyserast for kvar informant. Vidare var planen at den tyske samtalen og utdraget av den tyske teksten *Momo* også skulle kunna analyserast i tillegg. På det dåverande tidspunktet var det umogleg å vita noko om analyseomfanget av materialet, sidan eg ikkje hadde gjort noko liknande arbeid tidlegare.

Då eg starta arbeidet med analysen, viste det seg at dette var eit arbeid som var mykje meir tidkrevjande enn først antatt frå mi side. Etter kvart fann eg ut at eg hadde både meir enn nok arbeid og nok brukbart og spennande materiale til at testsetningane til informantane åleine kunne danna grunnlaget for denne oppgåva.

Eg har såleis tatt for meg dei lesne testsetningane frå det innsamla materialet, og det er desse som dannar utgangspunktet for analysedelen i denne oppgåva. I utgangspunktet hadde eg opptak av sju informantar, men eg har berre nytta materiale frå fire av desse. Dette var eit val eg måtte ta av omsyn til omfanget av oppgåva. Dei setningane som eg har analysert, er setningane til dei fire første informantane som eg gjennomførte lydopptak av.

4.5 VAL AV RAMMESETNINGAR OG TESTORD

Som allereie nemnt, nytta eg som utgangspunkt for denne undersøkinga i stor grad dei testorda og rammesetningane som vart nytta i prosjektet «Norsk Tonelagstypologi». Samstundes gjorde eg ein del endringar i dette materialet. Testmaterialet i «Norsk

Tonelagstypologi» vart nytta for å samla inn ulike dialektale variasjonar av norsk. I denne undersøkinga er testmaterialet på bokmål.

Når det gjeld dei rammesetningane som vart nytta i undersøkinga mi, var det setningar av typen: *Hun/han heter «fornavn + etternavn», Heter hun/han «fornavn + etternavn»? , Jeg tror at «fornavn» har gått hjem og Jeg tror at «fornavn» lyver*. Resten av testorda vart sette inn i setningar av typane: *Jeg sa _____ sist uke, Sa du _____? Hvorfor sa du _____?* Dessutan vart talorda sette inn i rammesetningar av typen: *De tok _____ av de beste*. Ei oversikt over alle setningane som vart nytta i undersøkinga, er å finna i vedlegg 9.4.

Årsaka til at eg valde dei rammesetningane som eg gjorde, var for å forsøka å styra omgivnaden testorda skulle førekoma i. I setningar bygd opp av *Hun/han heter «fornavn + etternavn»*, var det tenkt at namnefrasen «fornavn + etternavn» skulle lesast med fokus både på førenamn og etternamn. Setningar av typen *Heter hun/han «fornavn + etternavn»?* var og tenkt at skulle resultera i at namnefrasen «fornavn + etternavn» ville verta lesen med fokus både på både førenamn og etternamn. I setningar med forma *Jeg tror at «fornavn» har gått hjem*, var det tenkt at testordet skulle lesast med trykk og danna ein større AP som bestod av «fornavn har gått» og at «hjem» skulle verta ein AP for seg, altså: (fornavn har gått)_{AP} (hjem)_{AP}. Setningar bygd opp av *Jeg tror at «fornavn» lyver* var tenkt at ville resultera i at «fornavn» kom til å utgjera ein AP for seg. I setningar av typen *Jeg sa _____ sist uke* var det tenkt at testordet skulle få trykk og danna ein AP for seg. Det same var tenkt i setningar av typen *Sa du _____?* og *Hvorfor sa du _____?* Årsaka til at ulike rammesetningar vart valde, var òg for at testorda skulle stå både ytringsfinalt og ikkje ytringsfinalt.

I tillegg til å nytta namn og talord som testord, vart andre ord frå ulike morfologiske kategoriar nytta. Det var ikkje så lett å vita kva som var kjende eller ukjende ord for informantane. Dersom nokre av orda var ukjende for dei, kan dette ha vore med på å påverka intonasjonen deira. Testorda består av ord med ulikt tal stavingar, ulik rimstruktur, samt nokre samansette ord, og eit par frasar (*9 av de, 15 av de*). Ei oversikt over testorda som vart nytta i denne undersøkinga, er å finna i vedlegg 9.5.

5.0 ANALYSE

Ved hjelp av akustisk analyse kan ein måla intonasjon eller tonegang. Når stemmebanda våre vibrerer, oppstår stemtheit, og dess raskare stemmebanda vibrerer, dess høgare vert tonen. Tonehøgde kan såleis målast i antal svingningar per sekund. Som måleeeining for tonehøgde nyttar ein Herz, forkorta Hz. Sidan me menneske berre høyrer tonehøgde og ikkje antal

svingningar per sekund, treng ein eit omgrep som beskriv den tonehøgda me oppfattar, og ein brukar omgrepet pitch som ei slags «oversetting» av Herz, men i praktisk analyse reknast ofte pitch og Herz som identiske storleikar ved at Herz òg vert sett på som ein målestokk for pitch (Kristoffersen, 1995: 21).

5.1 ANALYSEPROGRAM

To program ligg til grunn for arbeidet med analysen av lydopptaka, Audacity (Audacity Team, 2011) og Praat (Boersma & Weenink, 2004). Audacity er eit lydredigeringsprogram. Dette programmet vart nytta til å dela lydopptaka inn i kortare lydfile, før arbeidet med sjølve analysen. Praat er eit vitenskapleg program som kan nyttast til fonetisk analyse av tale, og dette programmet vart nytta til sjølve analysen av lydfile.

5.1.1 ANALYSE AV SETNINGANE

I denne delen av oppgåva vil analysen av setningane til informantane verta framstilt. Informantane kjem til å verta presenterte ein og ein i avsnitt for seg sjølv og me kjem til å sjå på kva for konturar som er typiske for dei einskilde informantane. Grafane som vert presenterte, er for kvar informant delte inn etter kva for tonal kontur testorda/testfrasane har. Det vil seia at dei er delte inn etter om dei til dømes har ein H*L-kontur, eller ein L*HL-kontur. Samstundes vil nokre fenomen berre bli kommenterte kort hjå dei einskilde informantane, for så å bli presenterte meir utførleg i drøftingsdelen.

Det er naturleg nok ikkje eintydig korleis ein skal gå fram når ein skal laga ei framstilling av intonasjonen til dei einskilde informantane. Ideelt sett skulle eg i analysen synt grafar av alle testetningane, men med tanke på omfanget av denne oppgåva hadde dette tatt for stor plass. Eg har valt å konsentrera meg om å kommentera det som er det mest typiske ved tonerørslene i testorda eller testfrasane hjå dei ulike informantane. Etter mi meining kan me sjå visse tendensar, nokre gonger på tvers av informantane, andre gonger i materialet til den einskilde informanten. Det er desse tendensane eg har valt å trekka fram i denne framstillinga.

Ein annan ting er at eg gjerne skulle ha kunna lagt ved lydfile av alle dei analyserte setningane i tillegg, slik at materialet i større grad kunne etterprøvast og eventuelt kritiserast. Diverre let ikkje dette seg gjera grunna forpliktingar med tanke på reglane om personvern frå NSD, Norsk Samfunnsvitenskapelig Datatjeneste.


5.1.2 OM GRAFANE SOM VERT NYTTA I ANALYSEN

Ved hjelp av analyseprogrammet Praat har eg laga grafar over tonerørslene til informantane. Når ein opnar programmet Praat, får ein opp to vindauge, Praat Objects og Praat Picture. Framgangsmåten for framstilling av ein graf i Praat er at setninga først vert lasta inn i Praat Objects. Deretter vel ein funksjonen «view and edit», som gjer at ein får ein opp eit bilete som syner lydbølgjer og pitch-kontur av setninga. Her kan det vera naudsynt å endra pitch-innstillinga frå informant til informant. Etter at dette eventuelt er gjort, markerer ein pitch-konturen ein skal nytta, og vel «extract visible pitch contour». Før ein skal gå vidare og framstilla ein graf i Praat Picture, vel ein her ulike funksjonar, til dømes «smooth», som gjer grafen jamnare, «kill octave jumps» som rettar opp dersom programmet har gjort målefeil, og «interpolate», som gjer at ein får interpolerte, altså samanhengande grafar, sjølv om det er ustemde segment til stades. Dei fleste grafane som er nytta i denne analysen, er interpolerte. Årsaka til det, er at det stort sett gjer det lettare å lesa grafane.

Etter at ein har gjort desse instillingane, vel ein funksjonen «draw». Vil ein ha andre instillingar for farge, eller ein tjukkare pitch-kontur enn det som er standard, må ein endra dette i Praat Picture før ein framstiller grafen. Når ein så har laga grafen, kan ein markera Herz-intervalla.

Nedanfor kan me sjå eit bilete av ein slik type graf som eg nett har skildra framstillinga av:

Figur 6



(Hun)_{AP} (heter)_{AP} (Hannemor)_{AP} (Dalen)_{AP}.

På den loddrette aksen ser me målinga i Herz, medan den vannrette aksen syner tidsforløpet. Den raude lina syner tonerørsla til informanten. Dei tynne, svarte, loddrette linene er sette inn for å skilja ut og markera starten på tonelagsgruppene, AP-ane, i ytringa. Dette er gjort ved å lytta til opptaket og finna ut kvar hovudtrykka i ytringane startar på tidsaksen, notera seg dette, og deretter plotta inn desse tala, slik at det vert sett strekar på akkurat dei stadene der eg

meiner at hovudtrykka startar. Strekane står dermed til venstre også for opptakten til stavinga. Språklege storleikar som står mellom to parantesar med ein _{AP} bak, markerer i teksten, på same måten som dei svarte strekane markerer i grafen, at desse høyrer til ein aksentfrase.

Under arbeidet med det innsamla datamaterialet er det altså hovudtrykkstavingane som har vore utgangspunkt når eg har skulla markera AP-ane i testsetningane. Ved å ta utgangspunkt i ei hovudtrykkstaving fram til neste hovudtrykkstaving, var eg ute etter å få storleikar som gjorde at eg kunne samanlikna likt med likt.

Eg har med andre ord sett på materialet med såkalla «AP-briller», og hatt forventningar til at materialet skulle kunna la seg strukturera på same måte som dersom det hadde vore norske morsmålsbrukarar som var informantar for undersøkinga. Å markera hovudtrykkstavingane i testsetningane til informantane har likevel vist seg å vera meir utfordrande enn eg først trudde det skulle vera. I fleire tilfelle har eg vore usikker på om eg har hatt med eit hovudtrykk å gjera eller ikkje. Fonologisk sett har som sagt trykk med å gjera at ei staving er meir framtrudande enn ei anna. Reint fonetisk sett består trykk av ein kombinasjon av intensitet, tone, segmentlengd (durasjon) og kvalitet.

Laver seier:

The **metrical organization** of speech is the most complex of all the different levels to analyse, in that its temporal structure integrates facets of all four basic dimensions of speech – quality, duration, loudness and pitch (Laver, 1994: 511).

Han held fram slik:


The phonetic manifestation of stress varies from language to language, with some (such as English) exploiting all four parameters of pitch, loudness, duration and quality. The majority of languages with phonological stress seem to make use of only three parameters, however. Pitch, loudness and duration alone, without manipulation of phonetic quality, are the triplet of phonetic parameters used by most languages that exploit stress as a phonological devise (Laver, 1994: 512).

I norsk er det ein kombinasjon av intensitet, tone, segmentlengd (durasjon) og kvalitet som utgjer det som me reknar som trykk. Denne oppgåva har vist at det kan vera problematisk å finna ut kva som er hovudtrykkstavingane hjå informantane, fordi det i fleire tilfelle er faktorar som gjer at det høyrer ut som om det er hovudtrykk, til dømes intensitet, segmentlengd og kvalitet, men at det gjerne ikkje er den endringa i tone som ein skulle

forventa å finna. Det at det har vore problematisk å bestemma kva som skal markerast som hovudtrykk i ytringane, har sannsynlegvis noko med å gjera at eg som morsmålsbrukar av norsk har med meg ei forestilling av korleis trykk vert realisert i norsk, og at eg overfører denne forventninga om norsk trykkplassering på det innsamla materialet. I nokre tilfelle har det kunna verka som om dei tonale kriteria dreg i ei retning, og får oss til å velja ein stor AP, medan dei andre, så som rytme, intensitet og vokallengd, får oss til å velja fleire AP-ar. Det har med andre ord vore vanskeleg å seia presis kor grensene for AP-ane går. Dette gjer sjølvstundt inndelinga av AP-ane i oppgåva noko usikker, i alle høve diskutabel. Samstundes er dette eit interessant funn i seg sjølv, av di det kan problematisera sjølvstundt inndelinga i AP-ar, og dermed opna opp for ein diskusjon om det er fruktbart å bruka denne inndelinga til ein analyse av denne typen materiale. I nokre tilfelle har eg vore i tvil om kva for faktorar som har skulla vega tyngst, om det er dei tonale eller nokre av dei andre. Eg har valt å presentera eit par av desse tvilstilfella for å gjera merksam på at nokre av dei AP-grensene eg har presentert i denne analysen, kan diskuteras. Det er sjølvstundt ønskeleg at dette får endå større plass i seinare arbeid. På tross av den til tider noko usikre inndelinga, vil eg likevel understreka at det kjem fram ganske tydelege tendensar i materialet.

Når ein skal lesa informasjon ut i frå grafane i denne undersøkinga, er det ikkje alltid at analysen vert som ein kanskje skulle tru ved berre å kasta eit raskt blikk på grafane. Når eg til dømes kommenterer L*HL- konturar hjå informant 1, så kan det sjå ut til at AP-en (tror at)_{AP}, i setning 36. har ein tydelegare L*HL kontur enn (Valdemar)_{AP}, det opphavlege testordet:

Figur 7



36. Jeg (tror at)_{AP} (Valdemar)_{AP} (lyver)_{AP}.

Dette er likevel ikkje tilfellet. Eigentleg har AP-en (tror at)_{AP} ein H*L-kontur, men det som gjer at det kan sjå ut til å vera ein L*HL-kontur, er at informant 1 treng litt tid for å koma seg

frå den låge tonen nytta på *Jeg* og opp til høgtonen som vert nytta i AP-en (tror at)_{AP}.
Analysen av dette materialet er altså ikkje fullverdig utan kommentarar til grafane.

5.2 ANALYSE AV KONTURAR HJÅ INFORMANTANE


I denne delen av oppgåva vil analysen av tonekonturane hjå informantane verta presenterte. Først vil konturar som er å finna i materialet til informant 1 verta framstilte, deretter konturar som førekjem i materialet til informant 2, informant 3 og informant 4. Andre fenomen, som til dømes flate konturar, trykkplassering og spørjesetningar vil verta behandla i drøftinga.

5.3 ANALYSE AV KONTURAR HJÅ INFORMANT 1

5.3.1 H*L- KONTURAR

Fleire av dei opphavlege testorda, eller rettare sagt AP-ane desse testorda inngår i, får hjå informant 1 ein H*L-kontur. Me skal no sjå nokre eksempel på slike konturar. Første eksempel me skal sjå på er setning 23. *Hun heter Hannemor Dalen*. Her kan me sjå at testordet *Hannemor*, som i norsk er eit trestavingsord med tonelag 2, vert ein AP med H*L-kontur:


Figur 8



23. (Hun heter)_{AP} (*Hannemor*)_{AP} (*Dalen*)_{AP}.

Korleis vert det så for dei andre setningane hjå informant 1 der testordet *Hannemor* opptre? Ser ein på setning 28. *Jeg tror at Hannemor lyver*, kan ein sjå at testordet også her vert ein AP med H*L-kontur:


Figur 9



28. Jeg (tror at)_{AP} (Hannemor)_{AP} (lyver)_{AP}.

Det same gjeld testordet *Hannemor* i setning 31. *Hun heter Hannemor Fosse*:


Figur 10



31. (Hun heter)_{AP} (Hannemor)_{AP} (Fosse)_{AP}

I setning 44. *Heter hun Hannemor Dalen?* vert òg testordet *Hannemor* ein AP med H*L-kontur:

Figur 11




44. (Heter hun)_{AP} (Hannemor)_{AP} (Dalen)_{AP}?

Samstundes må me i dette tilfellet seia noko om globalintonasjonen. Som me kan sjå, er (Hannemor)_{AP} del av ein større heilskap, nemlig ein overordna HL-deklinasjon.

I det siste tilfellet, setning 38. *Jeg tror at Hannemor har gått hjem*, får testordet *Hannemor* ein tilnærma flat kontur:

Figur 12




38. Jeg (tror at)_{AP} (*Hannemor*)_{AP} (har gått hjem)_{AP}

Informant 1 har fleire slike flate konturar. Denne typen konturar kjem me tilbake til i drøftinga. Det vil seia at testordet *Hannemor* i fire av fem tilfelle får ein H*L-kontur, og ein flat kontur i det siste tilfellet.

Ser me vidare på materialet til informant 1, kan me finna fleire eksempel på H*L-konturar. I setning 32. *Jeg sa telefonkatalog sist uke*, kan testordet *telefonkatalog* frå hovudtrykkstavinga i ordet reknast som ein AP, (*fonkatalog*)_{AP}, med fire stavingar. Denne AP-en har som me kan sjå H*L-kontur:

Figur 13




32. (Jeg sa *tele*)_{AP} (*fonkatalog*)_{AP} (*sist uke*)_{AP}.

Det som ser ut til å vera ein høg tone på slutten av setninga i APen (*sist uke*)_{AP}, er kome grunna knirk i stemma til informanten. Med dette meinast det at stemma vert så lågfrekvent at ein kan høyra dei einskilte svingningane i stemma, sjå til dømes Laver (1994: 194 f.).

Analyseprogrammet Praat taklar dette veldig dårlig, og det gjer det ofte vanskeleg å få ein nøyaktig graf.

Ser me på setning 47. *Jeg tror at Peter har gått hjem*, kan me sjå at det som i utgangspunktet var testordet, altså *Peter*, eit tostavingsord med tonelag 1, vert ein del av ein AP, (*Peter har gått hjem*)_{AP}, der heile AP-en får ein H*L- kontur:


Figur 14



47. Jeg (tror at)_{AP} (Peter har gått hjem)_{AP}.

Studerer me setning 3. *Jeg tror at Anne har gått hjem*, er ikkje denne så lett å analysere:

Figur 15



3. Jeg (tror at)_{AP} (Anne)_{AP} (har)_{AP} (gått)_{AP} (hjem)_{AP}.

Vurderer eg det reint tonalt i frå sekvensen (...) «*Anne har gått hjem*», så pakkar informant 1 alt inn i ein H*L-kontur, slik som var meir eller mindre tilfellet i analysen av setning 47. *Jeg (tror at)_{AP} (Peter har gått hjem)_{AP}*. Samstundes får andre delar av trykkpakken (rytme, intensitet, vokallengd) oss til å velja fleire AP-ar i analysen av setning 3. *Jeg (tror at)_{AP} (Anne)_{AP} (har)_{AP} (gått)_{AP} (hjem)_{AP}*. Informanten nyttar det me kan kalla ein «trappetrinnsintonasjon». Dette kjem ikkje så godt fram dersom ein nyttar ein interpolert graf.

Difor har eg i dette tilfellet fjerna interpoleringa frå grafen. Det er med andre ord slik at tonale kriterium dreg i ei retning, medan dei andre dreg i ei anna. Slike tilfelle dukkar i fleire høve opp i analys materialet til informant 1. Eg vil sjå nærare på fenomenet «trappetrinnsintonasjon» i drøftinga, sjå avsnitt 6.3.

5.3.2 L*H- KONTURAR


Informant 1 uttalar òg nokre av testorda med ein L*H-kontur. Dei tydelegaste L*H- konturane finn ein hjå informant 1 i samband med finalt plasserte testord i spørjesetningar.

Spørjesetningar vil verta behandla i avsnitt 6.6. Difor vert ikkje L*H-konturane til informant 1 presenterte her.

5.3.3 L*HL- KONTURAR

Informant 1 uttalar òg nokre av testorda med ein L*HL- kontur. Dette gjeld nokre trestavingsord og nokre femstavingsord. Til dømes vert trestavingsordet *landsmålet*, som er eit tonelag 1-ord, ein AP med L*HL- kontur i setning 53. *Jeg sa landsmålet sist uke:*


Figur 16



53. (Jeg sa)_{AP} (landsmålet)_{AP} (sist uke)_{AP}

Vidare vert trestavingsordet *Valdemar*, som er eit tonelag 1-ord, ein AP med L*HL-kontur i setning 11. *Heter han Valdemar Dale?:*


Figur 17



11. (Heter han)_{AP} (Valdemar)_{AP} (Dale)_{AP}?

Ser me vidare på setningane som inneheld testordet *Valdemar*, kan me sjå at *Valdemar* i setning 36. *Jeg tror at Valdemar lyver*, også vert ein AP med L*HL-kontur:


Figur 18



36. Jeg (tror at)_{AP} (Valdemar)_{AP} (lyver)_{AP}.

Det same gjeld for setning 41. *Han heter Valdemar Dale*:


Figur 19



41. (Han heter)_{AP} (Valdemar)_{AP} (Dale)_{AP}.

I setning 33. *Jeg tror at Valdemar har gått hjem* vert testordet *Valdemar* ein del av ein AP (*Valdemar har*)_{AP}. Også denne AP-en får ein L*HL-kontur:

Figur 20




33. Jeg (tror at)_{AP} (*Valdemar har*)_{AP} (gått hjem)_{AP}.

Testordet *Valdemar* får altså hjå informant 1 L*HL-kontur i tre av fire tilfelle, og i det siste tilfellet vert det del av ein større AP, (*Valdemar har*)_{AP}, med L*HL-kontur.

Testordet *karnevalene*, som er eit femstavingsord med tonelag 1 i norsk, vert òg ein AP med L*HL-kontur hjå informant 1 i setning 56. *Jeg sa karnevalene sist uke*:

Figur 21



56. (Jeg sa)_{AP} (*karnevalene*)_{AP} (sist uke)_{AP}.

5.3.4 OPPSUMMERING AV KONTURAR HJÅ INFORMANT 1

Karakteristisk for informant 1 er at ho uttalar mange av testorda eller testsekvansane med ein H*L-kontur. Heile 27 H*L-konturar er å finna i samband med testorda hjå informant 1. Som nemnt finn ein òg ganske mange flate konturar, faktisk heile 25 tilfelle, noko eg skal koma tilbake til. Vidare finn ein òg nokre L*H-konturar i materialet hennar. Typisk for desse L*H-konturane er at dei oftast dukkar opp i finalt plasserte testord i spørjesetningar, dette gjeld i heile 6 av 8 tilfelle. Dette kjem eg òg tilbake til. Informant 1 har òg 11 L*HL-konturar. Desse


konturane er å finna i tre- og femstavingsord. I tillegg er det slik at det i nokre tilfelle kan vera vanskeleg å avgjera kvar AP-grensene går i materialet hennar, fordi nokre trekk dreg i retning av fleire små AP-ar, medan andre trekk dreg i retning av ein større AP.

5.4 ANALYSE AV KONTURAR HJÅ INFORMANT 2

5.4.1 H*L- KONTURAR

Også informant 2 har ein del testord eller testsekvensar som vert uttala med ein H*L- kontur. Dette gjeld til dømes to av AP-ane i setning 49. *Han heter Vidar Ross*. Utfrå grafen kan det verka som om det ikkje er noko belegg for å dela (*Vidar*)_{AP} og (*Ross*)_{AP} inn i to ulike AP-ar. Som hjå informant 1, er det slik at tonale aspekt nokre gonger dreg i retning av at me har med ein større AP å gjera, medan andre aspekt, som intensitet, durasjon og kvalitet dreg i retning av at me har med fleire AP-ar å gjera. I dette tilfellet har det siste alternativet voge tyngst. Det er noko med uttalen av ordet «Ross» som gjer at det kan oppfattast eit hovudtrykk her:


Figur 22



49. (Han)_{AP} (heter)_{AP} (Vidar)_{AP} (Ross)_{AP}.

I setning 56. *Jeg sa karnevalene sist uke*, får AP-en (*karnevalene*)_{AP} ein H*L-kontur. Denne er i starten prega av den låge tonen i AP-en føre, men det er likvel ein H*L-kontur me ser eit eksempel på her:

Figur 23




56. (Jeg sa)_{AP} (karnevalene)_{AP} (sist uke)_{AP}.

Når det gjeld den siste AP-en i denne setninga, (sist uke)_{AP}, vert ikkje denne riktig på grafen grunna knirk i stemma til informanten. Dette ei av utfordringane som har vist seg særleg å gjera seg gjeldande i analysen av materialet til informant 2.

5.4.2 L*H- KONTURAR

Informant 2 har òg ein heil del L*H- konturar. På same måte som hjå informant 1, opptrer L*H-konturar ofte finalt plasserte i spørjesetningar, sjå avsnitt 6.6. Samstundes har informant 2 ein del andre døme som òg får L*H-konturar. Me skal no sjå nokre eksempel på slike konturar. I setning 55. *Hun heter Anne Dalen*, vert til dømes testorda *Anne* og *Dalen* uttala med ein L*H-kontur:

Figur 24




55. (Hun)_{AP} (heter)_{AP} (Anne)_{AP} (Dalen)_{AP}

Årsaka til at det er ei brå konturendring mellom *Anne* og *Dalen*, er mest sannsynleg knirk i stemma til informanten.

Eit anna eksempel på same type kontur finn me i setning 57. *Jeg tror at Anne lyver*. Der vert AP-en (*Anne*)_{AP} uttala med ein L*H-kontur:

Figur 25



57. (Jeg)_{AP} (tror)_{AP} at (*Anne*)_{AP} (lyver)_{AP}.

Denne setninga byr ikkje på noka utfordring med tanke på analysen av AP-en (*Anne*)_{AP}, men ein kan diskutera kvar ordet *at* skal plasserast, fordi informanten har ein lang pause etter ordet *tror* og før ordet *at*. Slike pausar er ei utfordring ved analysen av materialet til informant 2. Først analyserte eg *at* som ein del av ein AP (tror at)_{AP}. Ein alternativ analyse kunne vore å ha inkludert *at* i AP-en (*Anne*)_{AP}, slik at det ville ha vorte ein AP (*at Anne*)_{AP}. Dette verkar likevel ikkje som ei god løysing, sidan det er hovudtrykk på ordet *Anne*. Ei tredje løysing som nok er den mest fruktbare, er å rekna *at* som ei førestaving til AP-en (*Anne*)_{AP}. Det kan altså verka som om me har med ei *anakrusisk staving* å gjera. Abrahamsen (2003: 143) seier at ein AP er definert slik at han har ei staving med primærtrykk i venstre kant. Ytringar kan byrja med noko trykklett før den fyrste AP-en. Med ei slik avgrensing av AP må anakrusar, det vil seia *initiale trykklette stavingar*, stå utanfor AP-en. Ei anakrusisk staving vil såleis vera ei innleiingsstaving, ei slags opptakt, som kjem før den første komplette eininga, AP-en, og det er altså dette ordet *at* er eit eksempel på i mange av setningane til informant 2. I tillegg til *at*, er det òg ein del andre eksempel på anakrusiske stavingar i det analyserte materialet, så som *han*, *hun*, *jeg* og *har*, sjå til dømes ordet *jeg* i figur 18.


5.4.3 L*HL-KONTURAR

Informant 2 uttalar, på same måte som informant 1, nokre av orda med ein L*HL- kontur.

Tonelag 1- ordet *Valdemar* er til dømes i setning 11. *Heter han Valdemar Dale?*

eit eksempel på ein slik kontur:


Figur 26



11. (Heter han)_{AP} (Valdemar)_{AP} (Dale)_{AP}?

Også i setning 36. *Jeg tror at Valdemar lyver* er *Valdemar* eit eksempel på ein AP med L*HL-kontur:


Figur 27



36. Jeg (tror)_{AP} at (Valdemar)_{AP} (lyver)_{AP}.

Det same gjeld for setning 41. *Han heter Valdemar Dale*:


Figur 28



41. (Han heter)_{AP} (Valdemar)_{AP} (Dale)_{AP}.

I setning 33. *Jeg tror at Valdemar har gått hjem*, vert òg ordet *Valdemar* ein AP med L*HL-kontur.

Figur 29




33. Jeg (tror)_{AP} at (Valdemar)_{AP} har (gått hjem)_{AP}.

Ordet *Valdemar* får altså i 4 av 4 tilfelle denne typen kontur.

Merk at ordet *Hannemor* hjå i informant 1 i fire av fem tilfelle fekk ein H*L-kontur. Dette er ikkje tilfellet hjå informant 2. Ser ein på setning 23. *Hun heter Hannemor Dalen*, ser ein at AP-en (*Hannemor*)_{AP} her får ein L*HL-kontur:


Figur 30



23. (Hun)_{AP} (heter)_{AP} (Hannemor)_{AP} (Dalen)_{AP}.

Ser ein vidare på materialet, gjeld det same AP-en (*Hannemor*)_{AP} i setning 28. *Jeg tror at Hannemor lyver*:

Figur 31




28. Jeg (tror)_{AP} at (Hannemor)_{AP} (lyver)_{AP}.

Ordet *lyver* har i setning 28. blitt ein AP for seg sjølv, sjølv om det på grafen kan sjå ut til at det tonale dreg i retning av å analysera *lyver* som ein del av ein AP, (Hannemor lyver)_{AP}. Likevel gjer uttalen av dette ordet at eg vel å analysera det som ein AP. Det kan verka som om det er eit hovudtrykk på ordet *lyver*. Dette er det ikkje mogleg å sjå av grafen, men informant 2 stoppar litt før ho uttalar dette ordet.

I setning 31. *Hun heter Hannemor Fosse*, får AP-en (Hannemor)_{AP} som i dei to tilfella føre, ein L*HL-kontur:


Figur 32



31. (Hun)_{AP} (heter)_{AP} (Hannemor)_{AP} (Fosse)_{AP}.

I setning 38. *Jeg tror at Hannemor har gått hjem*, vert ordet *Hannemor* òg ein AP for seg sjølv med L*HL-kontur:

Figur 33




38. Jeg (tror)_{AP} at (Hannemor)_{AP} har (gått hjem)_{AP}.

I analysen av setning 38. er det i samband med den siste AP-en, (gått hjem)_{AP}, noko feil med grafen grunna knirk i stemma til informanten. I setning 44. *Heter hun Hannemor Dalen?* vert ordet *Hannemor* ein AP med L*H-kontur. Det vil seia at *Hannemor* får ein L*HL-kontur i 4 tilfelle, og L*H-kontur i eit tilfelle hjå informant 2.


Når det gjeld L*HL-konturar hjå informant 2, uttalar informanten òg frasar som inneheld til dømes «namn + har» med ein L*HL- kontur. Det kan me sjå eksempel på i setning 26. *Jeg tror at Kari har gått hjem*, og i setning 3. *Jeg tror at Anne har gått hjem*:

Figur 34



26. (Jeg)_{AP} (tror)_{AP} at (Kari har)_{AP} (gått hjem)_{AP}.

Figur 35



3. Jeg (tror)_{AP} at (Anne har)_{AP} (gått hjem)_{AP}.

5.4.4 OPPSUMMERING AV KONTURAR HJÅ INFORMANT 2


Informant 2 uttalar setningane med ein del pausar. Difor er det utfordrande å vita korleis ein skal analysera eit ord som *at*. Som sagt valde eg å analysera *at* som ei anakrusisk staving. Det som elles har vist seg i arbeidet med analysen av setningane til informant 2, er at det er relativt stor variasjon i kva for konturar ho brukar. Ho har 21 H*L-konturar, 25 L*H-konturar, 19 L*HL-konturar og 14 flate konturar. Vidare synt det seg å vera litt vanskeleg å laga grafar av tonerørslene til informant 2 grunna mykje «knirk» i stemma til informanten. Informant 2 hadde også tilfelle der det synt seg å vera utfordrande å setja AP-grenser.

5.5 ANALYSE AV KONTURAR HJÅ INFORMANT 3

5.5.1 H*L- KONTURAR

Også informant 3 har konturar som vert uttala med ein H*L- kontur, men ganske få i forhold til informant 1 og informant 2. I setning 10. *Han heter Ola Eggen*, får AP-en (*Ola Eggen*)_{AP} ein H*L-kontur:


Figur 36



10. (Han)_{AP} (heter)_{AP} (Ola Eggen)_{AP}.

Vidare får blant anna AP-en *Fosse* i setning 15. *Hun heter Sissel Fosse*, ein H*L-kontur:

Figur 37




15. (Hun)_{AP} (heter)_{AP} (Sissel)_{AP} (Fosse)_{AP}.

5.5.2 L*H- KONTURAR

Det absolutt mest karakteristiske trekket for testorda til informant 3, er dei mange L*H-konturane informanten produserer. Til dømes vert både testordet *Hannemor* og testordet *Dalen* AP-ar med L*H-kontur i setning 23. *Hun heter Hannemor Dalen*, men (Hannemor)_{AP} får den tydelegaste konturen av denne typen:


Figur 38



23. (Hun)_{AP} (heter)_{AP} (Hannemor)_{AP} (Dalen)_{AP}.

I setning 28. *Jeg tror at Hannemor lyver*, vert òg testordet *Hannemor* ein AP med L*H-kontur:

Figur 39




28. Jeg (tror)_{AP} at (Hannemor)_{AP} (lyver)_{AP}.

Forøvrig vert testordet ein AP med L*H-kontur i setning 31. *Hun heter Hannemor Fosse* og i setning 38. *Jeg tror at Hannemor har gått hjem*. I det siste tilfellet, setning 44. *Heter hun Hannemor Dalen?*, vert ordet ein AP med flat kontur.

I setning 33. *Jeg tror at Valdemar har gått hjem*, vert testordet *Valdemar* ein AP med L*H-kontur:


Figur 40



33. Jeg (tror)_{AP} at (Valdemar)_{AP} (har gått hjem)_{AP}.

Som me kan sjå, er det òg slik i setning 41. *Han heter Valdemar Dale*:

Figur 41




41. Han (heter)_{AP} (Valdemar)_{AP} (Dale)_{AP}.

I setning 11. *Heter han Valdemar Dale?* vert testordet *Valdemar* ein AP med L*HL-kontur medan det i setning 36. *Jeg tror at Valdemar lyver* vert ein del av ein AP (*Valdemar lyver*)_{AP} med L*HL-kontur, jamfør figur 48.

5.5.3 L*HL- KONTURAR

Sjølv om det ikkje er så mange einskildord som får L*HL kontur i materialet til informant 3, så er det ofte slik at fleire ord inngår i større AP-ar som får LH*L-kontur. Dette gjer at det er ganske mange av denne typen konturar i materialet til informant 3. Når det gjeld ord som får L*HL-kontur, kan ordet (*delingsmodellene*)_{AP} i setning 13. *Jeg sa delingsmodellene sist uke*, vera eit eksempel på det:


Figur 42



13. (Jeg sa)_{AP} (*delingsmodellene*)_{AP} (sist uke)_{AP}.

Vidare er (*karnevalene*)_{AP} i setning 56. *Jeg sa karnevalene sist uke*, eksempel på ein AP som består av eit einskildord med L*HL-kontur:

Figur 43




56. (Jeg sa)_{AP} (*karnevalene*)_{AP} (sist uke)_{AP}.

Mykje meir typisk er likevel AP-ar med L*HL-kontur som består av fleire ord. På same måten som hjå informant 2 finn ein i materialet til informant 3 eksempel på at frasar sett

saman av «*namn + har*» får ein L*HL-kontur. Ser me på setning 3. *Jeg tror at Anne har gått hjem*, er AP-en (*Anne har*)_{AP} eksempel på ein L*HL-kontur av denne typen:

Figur 44




3. Jeg (tror at)_{AP} (*Anne har*)_{AP} (gått hjem)_{AP}.

Forventninga som vist i 4.6 om at informantane kom til å produsera AP-ar av typen (fornavn har gått)_{AP} (hjem)_{AP} slo i mange tilfelle ikkje til.

Også AP-ar som er bygd opp av *førenamn + etternamn* kan få ein L*HL- kontur hjå informant 3. Det er (*Kari Eggen*)_{AP} i setning 12. *Hun heter Kari Eggen* eit eksempel på:


Figur 45



12. (Hun)_{AP} (heter)_{AP} (*Kari Eggen*)_{AP}.

Det same er (*Vidar Ross*)_{AP} i setning 49. *Han heter Vidar Ross*:

Figur 46




49. Han (heter)_{AP} (Vidar Ross)_{AP}

Informant 3 lagar òg L*HL-konturar av AP-ar som består av «*namn + lyver*», som i setning

40. *Jeg tror at Peter lyver*:


Figur 47



40. Jeg (tror)_{AP} at (Peter lyver)_{AP}

Setning 36. *Jeg tror at Valdemar lyver* syner òg eksempel på at informanten lagar L*HL-konturar av AP-ar som er bygd opp av «*namn + lyver*»:


Figur 48



36. Jeg (tror)_{AP} at (Valdemar lyver)_{AP}

Det same gjer setning 24. *Jeg tror at Sissel lyver:*

Figur 49



24. Jeg (tror)_{AP} at (Sissel lyver)_{AP}

5.5.4 OPPSUMMERING AV KONTURAR HJÅ INFORMANT 3


Det som er mest karakteristisk ved konturane til informant 3, er dei mange L*H-konturane. Ein kan finna så mange som 35 konturar av denne typen. Vidare er det ganske mange L*HL-konturar i materialet hennar, heile 21 tilfelle. Slike AP-ar kan bestå både av einskildord, eller av fleire ord. Det er relativt få H*L-konturar i materialet til denne informanten, ein finn kun 11 tilfelle. Flate konturar er det ennå færre av, av denne typen finn ein kun 5.

5.6 ANALYSE AV KONTURAR HJÅ INFORMANT 4

5.6.1 H*L- KONTURAR

Informant 4 har ein god del H*L- konturar. Til dømes vert testordet *volleyballene* ein AP med H*L-kontur i setning 4. *Jeg sa volleyballene sist uke:*


Figur 50



4. (Jeg sa)_{AP} (volleyballene)_{AP} (sist uke)_{AP}.

I setning 24. *Jeg tror at Sissel lyver*, finn me òg eksempel på ein H*L-kontur. Her er det AP-en (Sissel)_{AP} som får ein slik kontur:


Figur 51



24. Jeg (tror)_{AP} at (Sissel)_{AP} (lyver)_{AP}.

I setning 41. *Han heter Valdemar Dale* finn ein endå eit eksempel på ein H*L-kontur i AP-en (Dale)_{AP}:

Figur 52




41. (Han heter)_{AP} (Valdemar)_{AP} (Dale)_{AP}.

5.6.2 L*H- KONTURAR

Informant 4 har også ein god del L*H- konturar. Som eksempel på slike konturar kan me først sjå på setning 3. *Jeg tror at Anne har gått hjem*. Her er det AP-en (Anne)_{AP} som får ein kontur av denne typen:


Figur 53



3. Jeg (tror at)_{AP} (Anne)_{AP} (har gått)_{AP} (hjem)_{AP}.

Vidare kan me i setning 47. *Jeg tror at Peter har gått hjem*, òg sjå at AP-en (*Peter*)_{AP} får ein L*H-kontur:

Figur 54




47. Jeg (tror at)_{AP} (*Peter*)_{AP} (har gått)_{AP} (hjem)_{AP}.

For siste AP, (hjem)_{AP}, manglar grafen, dette er nok tilfelle grunna knirk i stemma til informanten.

I setning 48. *Jeg sa levende sist uke* får AP-en (*levende*)_{AP} òg ein L*H-kontur:

Figur 55




48. (Jeg sa)_{AP} (*levende*)_{AP} (sist uke)_{AP}.

5.6.3 L*HL- KONTURAR

Informant 4 har få eksempel på L*HL- konturar, men testordet *Valdemar* får ein L*HL- kontur i fire tilfelle. For å sjå nærare på eit av desse eksempla, kan me studera AP-en (*Valdemar*)_{AP} i setning 11. *Heter han Valdemar Dale?*:

Figur 56




11. (Heter han)_{AP} (Valdemar)_{AP} (Dale)_{AP}?

5.6.4 H*LH- KONTURAR

Karakteristisk for informant 4 er at han uttalar mange av testorda med ein H*LH- kontur. Av dei fire informantane som ligg til grunnlag for analysen min, er det berre hjå informant 4 ein finn slike H*LH- konturar. Det gjer det sjølvstøtt spesielt interessant å kommentera nettopp desse konturane.

I setning 22. *Hvorfor sa du ananasene?* kan me sjå at AP-en (*ananasene*)_{AP} får ein H*LH- kontur:


Figur 57



22. (Hvorfor)_{AP} (sa du)_{AP} (ananasene)_{AP}?

I setning 38. *Jeg tror at Hannemor har gått hjem,* får AP-en (*Hannemor*)_{AP} òg ein slik kontur:

Figur 58




38. Jeg (tror)_{AP} at (*Hannemor*)_{AP} (har)_{AP} (gått)_{AP} (hjem)_{AP}.

Når det gjeld testordet *Hannemor*, er det berre i dette tilfellet det vert ein AP med H*LH-kontur. I setning 23. vert det ein AP med H*L-kontur og i setning 28. ein AP med flat kontur. I setning 31. vert det del av ein AP (*Hannemor Fosse*)_{AP} med H*L kontur, og i setning 44. vert *Hannemor* ein AP med L*HL-kontur.

I setning 42. *Jeg sa selvmålet sist uke*, får AP-en (*selvmålet*)_{AP} ein H*LH-kontur:


Figur 59



42. (Jeg sa)_{AP} (*selvmålet*)_{AP} (sist uke)_{AP}.

Som me kan sjå, gjeld det same for AP-en (*lærerforbundet*)_{AP} i setning 46. *Jeg sa lærerforbundet sist uke*:


Figur 60



46. (Jeg sa)_{AP} (lærerforbundet)_{AP} (sist uke)_{AP}.

I setning 53. *Jeg sa landsmålet sist uke*, får AP-en (*landsmålet*)_{AP} ein H*LH-kontur:


Figur 61



53. (Jeg sa)_{AP} (landsmålet)_{AP} (sist uke)_{AP}.

Det same gjeld AP-en (*karnevalene*)_{AP} i setning 56. *Jeg sa karnevalene sist uke*:

Figur 62



56. (Jeg sa)_{AP} (karnevalene)_{AP} (sist uke)_{AP}.

5.6.5 OPPSUMMERING AV KONTURAR HJÅ INFORMANT 4

Informant 4 har flest L*H-konturar, 21 i alt, men nokså jamnt i forhold til H*L-konturar, som ein finn 17 av, H*LH-konturar som ein finn 16 av og flate konturar som ein finn 14 av. I

forhold til dei andre typane konturar, er det færrest L*HL-konturar. Her er det 6 tilfelle. Den største forskjellen i forhold til dei andre informantane, er førekomsten av H*LH-konturar.


6.0 DRØFTING

I analysedelen såg me kva for intonasjonskonturar som me kunne finna i samband med testorda hjå dei fire informantane. Det viste seg å vera litt ulike tendensar hjå desse når det gjaldt type konturar som vart nytta. For å oppsummera kan me sjå på tala i tabellen nedanfor:

Figur 63


	H*L	L*H	L*HL	H*LH	Flat	Totalt antal AP-ar
Informant 1	27	8	11		25	71
Informant 2	21	25	19		14	79
Informant 3	11	35	21		5	72
Informant 4	17	21	6	16	14	74

For å gjera desse tala endå litt tydelegare presenterer eg ei prosentvis fordeling av konturane i følgjande sektordiagram:



Figur 64

Figur 65



Figur 66

Figur 67

Desse statistikkane i form av sektordiagram syner oss kva for konturar som er representerte i informanten sitt materiale, samstundes som det illustrerer forskjellar mellom informantane på tvers. Det er viktig å gjera merksam på at diagramma berre gjev eit visst oversyn. Ein del av konturane i analyse materialet representerer utfordringar for analysen. Blant anna er det slik at grensene for tonerørsler kan gå på tvers av ordgrensene, og såleis er antal AP-ar ikkje likt hjå informantane. Vidare har nokre av setningane ikkje blitt analyserte fordi informantane har lese dei feil. Eksempel på feillesing som har ført til at eg ikkje har teke med setningane i

materialet, er til dømes at informant 3 i setning 27. les «De tok 50 av de beste» og ikkje «De tok 15 av de beste». Antal konturar totalt sett varierer altså for informantane. Difor valde eg å presentera konturane til informantane prosentvis. Det gjer at me likevel kan få eit oversyn over korleis konturane fordeler seg på tvers av informantane. Som me kan sjå, er det ganske store skilnader på kva informantane gjer seg i mellom. Det er òg ein god del skilnad i dei einiskilde informantane sitt materiale.

Informant 1 skil seg ut frå dei andre informantane ved at 38 % av konturane hennar er H*L-konturar. Informant 2 og 4 har ei nokså lik fordeling av slike, informant 2 har 26 %, informant 4 har 23 %, medan informant 3 har 15 %.

I tillegg er informant 1 den som har flest flate konturar med 35 %. Informant 2 og 4 har ei nokså lik fordeling av denne typen konturar òg, informant 2 har 18 % og informant 4 har 19 %, medan informant 3 berre har 7 % flate konturar.

Informant 3 skil seg ut frå dei andre ved at 49 % av konturane er L*H-konturar. Nok ein gong har informant 2 og 4 nokså lik fordeling, informant 2 har 32 % av denne typen kontur, informant 4 har 28 %, medan informant 1 berre har 11 %. Informant 3 er òg den som har flest L*HL-konturar, med 29 %. Informant 2 har 24 % slike, informant 1 har 16 %, medan informant 4 berre har 8 % av denne typen kontur. Informant 4 skil seg ut med tanke på at 22 % av konturane er H*LH-konturar. Slike konturar er ikkje å finna i det heile i materialet til dei andre tre informantane.

I germanske språk er det vanleg å markera trykk med høg tone på trykkstavinga, som deretter fell, altså H*L, sjå til dømes Hognestad (2012: 3). Med tanke på dette er det interessant å sjå på dei relativt store variasjonane i tonekonturar i materialet til informantane.

6.1 FORSLAG TIL FORKLARING PÅ VARIASJON I INTONASJONEN HJÅ INFORMANTANE

Den såpass store skilnaden informantane i mellom kom noko overraskande på meg. I utgangspunktet tenkte eg at det kom til å koma fram ein tydelegare tendens i materialet, og at resultatane kanskje ville tala meir i retning av ein tydeleg «typisk tysk» uttale av norsk intonasjon. Eg har i forkant lurt på om stor bruk av L*H-konturar kunne vera eit venta resultat, fordi eg i ulike settingar har lagt merke til tyske innlærarar av norsk som har hatt stor grad av L*H-konturar. Så er spørsmålet kvar deira store førekomst av L*H-konturar eigentleg kjem frå. Det kan ha vore på grunn av deira tyske språkbakgrunn eller det kan ha vore på grunn av at dei har lært norsk med utgangspunkt i austnorsk.

Kva er det så som kan ha gitt såpass stor skilnad på realisasjonen av intonasjonen hjå informantane i materialet mitt? I teoridelen vart det lagt ganske mykje vekt på det faktum at norsk og tysk er to ulike typar språk med tanke på at tysk er eit intonasjonsspråk medan norsk må plasserast mellom kategoriane tonespråk og intonasjonsspråk. Kanskje kan det faktumet at dei i tysk ikkje har ordtonar som begrenser intonasjonen, føra til at det er variasjon i konturane til informantane? Dette er ikkje så lett å seia om faktisk er tilfellet. Sjølv om det viser seg å vera stor variasjon i materialet, er det ikkje sikkert at dette berre er grunna det faktum at tysk er eit intonasjonsspråk. At deira realisasjon av intonasjonskonturar i norsk i større eller mindre grad likevel er prega av deira tyske språkbakgrunn, må ein uansett kunna rekna med er tilfellet.

Ein annan måte ein kan forsøka å forklara dei relativt store skilnadene til informantane på bakgrunn av deira tyske språkbakgrunn, er som tidlegare nemnt med fokus på deira regionalspråklege bakgrunn. Kan hende kan regionalspråklege variantar av tysk ha noko å seia for innlæringa av framandspråk. Informantane som eg har nytta i denne undersøkinga, kjem ikkje alle frå same stad i Tyskland. Informant 1 kjem frå Brandenburg, informant 2 kjem frå Hessen, det same gjer informant 3, medan informant 4 kjem frå Nordrhein-Westfalen. Grunna det omsynet eg har måtta ta til personvern, har stadene informantane kjem ifrå, blitt regionaliserte i denne oppgåva. Det vert difor berre oppgitt kva for Bundesland dei kjem ifrå (sjølv om eg eigentleg veit heimstaden deira). Som me kan sjå, er altså både informant 2 og informant 3 frå Hessen, men det ser ikkje ut til at det har hatt noko å seia for realisasjonen av intonasjon i norsk at informant 2 og 3 har nokså same språkbakgrunn. Eg har ikkje gått noko nøyare inn på kva forskjellar det finst på ulike regionale variantar av tysk. I denne omgang har eg nøgd meg med at det finst regionale variantar av intonasjon i tysk, og at dei kan ha vore med på å ha prega dei tyske studentane i deira realisasjon av norsk.

Kva for intonasjonsmønster som finst i dei ulike regionalspråklege variantane og om desse kan påverka innlærarane sin realisasjon av norsk intonasjon, er sjølvstapt noko det kunne ha vore interessant å utforska vidare i seinare arbeid.

Av dei viktigaste faktorane som kan ha spela ei rolle for den førekomande intonasjonen til informantane når dei snakkar norsk, er nok forutan deira tyske språkbakgrunn (både deira standardspråklege og deira regionalspråklege bakgrunn) påverknad frå kvar lærarane deira kjem i frå og kva dialekt som vert nytta i lytteøvingar i undervisninga. Som tidlegare nemnt har den eine læraren til informantane trøndsk språkbakgrunn, medan den andre læraren har bakgrunn både i norsk, svensk og tysk. Dette, i samband med lydmateriale som har innslag av både austnorsk og vestnorsk (bergensk), kan ha ført til at informantane har

fått mange ulike førebilete. Kan hende kan dette vera med på å skapa variasjon i korleis dei realiserer intonasjonen i norsk. Møte med språket i samanheng med til dømes radio, tv og film kan òg spela inn. Vidare kan dei ulike informantane kanskje ha overført språklege element frå andre framandspråk dei har lært. Ein endå viktigare påverknadsfaktor er nok påverknad frå vener eller familie som kjem frå Noreg. Då vil nok dialekten desse venene eller familien har, vera med på å prega informanten sin realisasjon av norsk vesentleg. Det er med andre ord ein heil del faktorar som kan ha vore med på å påverka korleis informanten realiserer intonasjon i norsk.

6.2 AP-ANALYSE VERSUS EIN OVERORDNA INTONASJONSSTRATEGI

Som tidlegare nemnt har eg hatt «AP-briller» på når eg har jobba med analysen av dette materialet. Det er det som er den vanlege innfallsvinkelen i arbeid om norsk intonasjon. I arbeidet med denne oppgåva, som tek for seg tyske studentars intonasjon i norsk på eit lese testmateriale, har det vist seg å ikkje vera like fruktbart å nytta ein rein AP-analyse, dette fordi det er ting som skjer på ytringsplan, altså trekk ved globalintonasjonen, som ikkje kjem fram dersom me berre ser på AP-inndelinga. Nettopp dette vert særleg tydeleg i møte med fenomenet eg har introdusert som «flate konturar», og som me no skal sjå nærare på.

6.3 FLATE KONTURAR

I arbeidet med analysen av dette materialet viste det seg at det ikkje berre var AP-ar med H*L-konturar, L*H-konturar, L*HL-konturar og H*LH-konturar som var å finna. Fleire stader dukka det opp AP-ar som isolert sett høyrdest ut som om dei vart uttala meir eller mindre flatt. Konturane som vart laga i samband med dette, såg òg meir eller mindre flate ut. Desse konturane har eg naturleg nok valt å kalla *flate konturar*.

På AP-basis har eg altså valt å analysera konturane som flate. Definisjonen på *flate konturar* er:


- 1) Konturane kan reknast som flate når eg ved å høyra på lydfilene oppfattar dei slik.
- 2) Konturane kan reknast som flate når dei ser tilnærma lik flate ut på grafane.

Utfordringa i forhold til dette er at det då er min eigen persepsjon som avgjer kva som skal reknast som ein flat kontur, fordi eg ikkje har funne noko standardmål for akkurat kor flat ein

kontur må vera for å kunna reknast flat. Ei mogleg løysing hadde vore ved hjelp av Praat å finna ein slik «standard» for kor store skilnader i tonehøgde som kan akseptast for at konturane skal kunna reknast som flate eller ikkje. Eg har i denne omgang late det eg har oppfatta som ein flat kontur, med grafane som ei slags rettesnor, vera grunnlag nok for å definera ein kontur som flat, men i seinare arbeid er dette sjølvstøtt noko ein gjerne kan diskutera vidare og sjå nærare på.

Dei flate konturane som dukkar opp når eg ser på materialet med dei såkalla «AP-brillene» på, er ikkje noko eg har vore kjent med på førehand, og såleis er dette i seg sjølv eit interessant funn ved analysen. Særleg interessant er det at det kan sjå ut til at alle dei fire informantane har flate konturar i større eller mindre grad. Nedanfor presenterer eg ei oversikt over kor mange flate konturar som kjem fram i materialet hjå dei ulike informantane:


Figur 68



Som me kan sjå, er det altså informant 1 som har flest flate konturar. Informant 2 og informant 4 har like mange flate konturar, medan informant 3 er den som har færrest slike.

(*Hannemor*)_{AP} i setning 38. *Jeg tror at Hannemor har gått hjem*, er som tidlegare vist eit godt eksempel på ein flat kontur i materialet til informant 1, jamfør figur 14, her gjeve att som figur 69:


Figur 69



38. Jeg (tror at)_{AP} (*Hannemor*)_{AP} (har gått hjem)_{AP}

Som eksempel på fleire flate konturar i det analyserte materialet kan me sjå på setning 48. *Jeg sa levende sist uke* i materialet til informant 2:

Figur 70




48. (Jeg sa)_{AP} (*levende*)_{AP} (sist uke)_{AP}.

Her vert AP-en (*levende*)_{AP} uttala med ein kontur som eg oppfattar som flat, og som framstår så godt som flat på grafen.

Informant 3 har som vist ikkje særleg mange flate konturar. I setning 43. *Han heter Mons Dale* er det likevel eit eksempel på ein AP som eg oppfattar som flat, nemleg AP-en (*Mons*)_{AP}:


Figur 71



43. (Han)_{AP} (heter)_{AP} (Mons)_{AP} (Dale)_{AP}.

Som nemnt held det ikkje berre å sjå på dette materialet med «AP-brillene» på. Dette syner seg særskild i materialet til informant 1. Ser me på setning 10. *Han heter Ola Eggen* hjå informant 1, vil me sjå kvifor:

Figur 72



10. (Han heter)_{AP} (Ola)_{AP} (Eggen)_{AP}.

Når ein høyrer denne setninga, får ein inntrykk av at *(Ola)_{AP}* vert uttala flatt for seg, og at *(Eggen)_{AP}* vert uttala flatt for seg. Samstundes kan me sjå at dei to AP-ane *(Ola)_{AP}* og *(Eggen)_{AP}* som kvar for seg ser relativt flate ut, får ein H*L-kontur i forhold til kvarandre. For å gjera dette tydelegare, har eg i dette tilfellet fjerna interpolasjonen på grafen.


Desse flate AP-ane som dukka opp i materialet, held det altså ikkje å presentera utan å seia noko om korleis dei interagerer med den overordna intonasjonen som er å finna på ytringsplan. Dersom det er fleire flate AP-ar som kjem etter kvarandre, er det nemleg berre isolert sett at intonasjonen kan reknast som flat. Det er jo ikkje slik at informantane snakkar utan tonerørsle på ytringsplan. Det ville nemleg ha resultert i ytringar produsert med såkalla «robotstemme», noko som er nokså utenkeleg. På ytringsplan skjer det med andre ord noko

tonalt, sjølv om ein skilde AP-ar i seg sjølv kan vera flate. Det er med andre ord berre dersom me ser på materialet med «AP-brillene» åleine at me finn flate konturar.

Det er altså ofte slik at dersom det dukkar opp fleire flate AP-ar etter kvarandre, så har dei likevel ein HL-deklinasjon på ytrings nivå. Peters (2006: 63) definerer deklinasjon slik: «Deklination zeigt sich in einem graduellen Absinken der Grundfrequenz bzw. Tonhöhe im Verlauf einer Äußerungseinheit». Informantane gjev stort sett ytringane i materialet ein HL-deklinasjon, dersom me ser vekk i frå spørjesetningane. Likevel er det forskjell på kor mykje som skjer tonalt sett på AP-nivå innad i ytringane. Hjø informant 2, 3 og 4 er det ein god del tonerørsle i AP-ane, samstundes som me kan finna ein HL-deklinasjon på ytringsplan.


Informant 1 er den av informantane som har tydelegast HL-deklinasjon. Det verkar som ho nyttar ein tonal «trappetrinnsstrategi», som gjev heile ytringa ein tydeleg trinnvis HL-deklinasjon. Som eksempel kan me igjen sjå på setning 3. *Jeg tror at Anne har gått hjem:*

Figur 73



3. Jeg (tror at)_{AP} (Anne)_{AP} (har)_{AP} (gått)_{AP} (hjem)_{AP}.

Sjølv om me har med fleire små AP-ar med relativt lite tonerørsle i, er det ein tydeleg HL-kontur i setninga:



At informant 1 har ein tydelegare HL-deklinasjon enn dei andre informantane, kan ha å gjera med den store førekomsten av flate AP-ar i materialet til informanten.

Kva skuldast så desse flate eller tilnærma flate konturane og den utprega HL-deklinasjonen? Peters seier følgjande om tonerørsler i intonasjonsfrasar:

Allgemein besteht die Tendenz, Töne unter sonst gleichen Bedingungen umso tiefer zu realisieren, je später sie in der Intonationsphrase auftreten. Da die Referenzwerte für die Hochtöne stärker absinken als die für die Tieftöne, werden gleichermaßen prominente Gipfel zum Ende der Intonationsphrase hin nicht nur tiefer realisiert, sondern auch flacher (Peters, 2009: 99).

Peters seier altså at det er ein tendens å uttala tonar som førekjem under elles like forhold, lågare dess seinare dei opptrer i intonasjonsfrasen. Vidare seiar han altså òg at tendensen ikkje berre består i at tonerørslene vert lågare, men òg flatare dess seinare dei opptrer i intonasjonsfrasen. I lys av dette kan det påpeikast at det gjerne er mot slutten av ytringane i testmaterialet mitt at det dukkar opp flate konturar. Plasseringa av testorda i ytringa er dermed ein faktor som kan ha innverknad på førekomsten av flate konturar.

Ein faktor som òg kan tenkast å ha noko å seia for førekomsten av flate konturar og ein tydeleg HL-deklinasjon, er sjølvle lesesituasjonen. Som tidlegare nemnt, peikar Husby og Kløve (2007: 116-119) på ulike funksjonar ved intonasjon og på definerande trekk for ulike typar interaksjon. Ein skulle dermed tru at lesesituasjonen kan ha noko å seia for intonasjonen i ytringane til informantane.

Det at informantane les eit ganske stort materiale som består av ei rekke relativt korte setningar, kan nok også gjera at dei får ein slags opprimsingsintonasjon som forsterkar HL-deklinasjonen på ytringsplan. Peters seier at lesesituasjonen kan vera med på å tydeleggjera deklinasjonseffektar i tysk, og at deklinasjonen kan vera brattare i korte ytringar enn i lengre:

Die Ausprägung von Deklinationseffekten variiert von Sprache zu Sprache, von Sprecher zu Sprecher, aber auch je nach Sprechsituation. So treten Deklinationseffekte im Deutschen deutlicher bei gelesenen Äußerungen auf als in der Spontansprache. Ferner wurde beobachtet, dass der auf Deklination beruhende Abwärtstrend unter sonst gleichen Bedingungen in kürzeren Äußerungen steiler ist als in längeren (Vaissière 1983) (Peters, 2006: 63).

Det kan nok vera ulike forklaringar på kva dei flate konturane og den tydelege HL-konturen skuldast, men det kan verka som om den tyske språkbakgrunnen til informantane, samt lesesituasjonen, og lengda på ytringane kan vera dei mest plausible forklaringane både på førekomsten av dei flate konturane på AP-nivå i materialet, samt på HL-deklinasjonen på ytringsnivå. Viktig er det òg som sagt å merka seg at dette funnet er med på å syna at det å nytta ein rein AP-basert analyse på dette materialet, nok ikkje er optimalt, fordi mykje av det tonale går føre seg på ytringsnivå.

6.4 TRYKKPLASSERING


Hovudregelen er at hovudtrykket på norske ord ligg på 1. staving. Det er mange unntak frå denne regelen i norsk. Blant anna er det ein del ord med trykklette prefiks som oftast er lånt frå tysk, så som *betale*, *fortelle*, *gevær* som får trykk på 2. staving. Vidare unntak er ord lånt frå romansk, latin, gresk, samt einskilde norske stadnamn (Lie, 1998: 27).

Når folk lærer norsk som andrespråk eller framandspråk, er trykkplasseringa i orda viktig for kommunikasjonen. Husby og Kløve (2007: 109) seier at vekslinga mellom trykksterke og trykksvake stavingar er eit grunnleggjande trekk som finst i alle dialektar i norsk, og at ein ved å ignorera dette ikkje vil kunna framheva viktige stavingar. Vidare seier dei at gal plassering av trykk vil anten kunna bidra til at talaren uttrykkjer noko anna enn det som var meint, eller at det rytmiske mønsteret til orda vert så radikalt endra at dei ikkje kan kjennast att av nordmenn, til dømes om nokon seier «beVERpelsen» eller «pumPETermos».

Om informantane si trykkplassering i dette materialet kan det seiast at dei gjer ein del feil. Dette har mest sannsynleg samanheng med at det er ein del ord dei kanskje ikkje kjenner frå før. Samstundes må det seiast at eksempla på feil trykkplassering berre gjeld i samansette ord, og at det dermed kan hende er dette som kan vera årsaka til at det oppstår problem. Hå informant 1 kan me som eksempel sjå på orda *fordelingsmodellene* og *sitronkake*.

I setning 19. *Jeg sa fordelingsmodellene sist uke*, får AP-en (*fordelingsmodellene*)_{AP} hovudtrykk på første stavinga og ein H*L-kontur:

Figur 74




(*fordelingsmodellene*)_{AP}

Informant 1 følgjer altså, medvite eller umedvite, den «forenkla» regelen i norsk. Korrekt trykkplassering i norsk ville i dette ordet vore trykklett førestaving på *for* og hovudtrykk på *de*.

I setning 25. *Jeg sa sitronkake sist uke* får AP-en (*sitronkake*)_{AP} hovudtrykk på førstestavinga og ein H*L-kontur:


Figur 75



Korrekt trykkplassering i norsk ville ha vore trykklett førestaving på *si* og hovudtrykk på *tron*. Kvifor informant 1 uttalar både *fordelingsmodellene* og *sitronkake* med hovudtrykk på første stavinga er ikkje så lett å seia sikkert, men kan nok gjerne vera fordi desse orda er ukjende for informanten, og at informanten kanskje er klar over at det vanlegaste er å uttala orda med trykk på førstestavinga i norsk, og at informanten overfører denne reglen til òg å gjelda samansette ord. I tillegg får som tidlegare nemnt ganske mange av konturane hennar H*L, så at ho også gjev desse orda ein H*L-kontur, er ikkje uventa.

Informant 3 uttalar også (*fordelingsmodellene*)_{AP} med H*L-kontur og hovudtrykk på førstestavinga i setning 19. *Jeg sa fordelingsmodellene sist uke*:

Figur 76




I samband med feil plassert hovudtrykk i samansette ord, kan ein òg nemna at informantane i nokre tilfelle deler lange ord inn i fleire AP-ar. Dette skjer kan hende som eit resultat av at

informanten forenkler opplesinga av lange, og i nokre tilfelle kanskje ukjente ord ved å dela dei opp i mindre einingar.

Informant 3 deler til dømes ordet *femtenårsjubileum* inn i to AP-ar i setning 58. *Jeg sa femtenårsjubileum sist uke:*

Figur 77




58. (Jeg sa)_{AP} (femten)_{AP} (årsjubileum)_{AP} (sist uke)_{AP}.

AP-en (femten)_{AP} vert uttala med ein L*HL-kontur, det same gjer AP-en (årsjubileum)_{AP}.

Me kan òg finna eksempel på at informant 4 deler lange ord inn i fleire AP-ar. Som eksempel kan me sjå på setning 2. *Jeg sa tusenårsjubileum sist uke:*

Figur 78



2. (Jeg sa)_{AP} (tusen)_{AP} (årsjubileum)_{AP} (sist uke)_{AP}.

Her vert *tusenårsjubileum* delt inn i to AP-ar, der AP-en (tusen)_{AP} vert uttala med ein L*H-kontur og AP-en (årsjubileum)_{AP} vert uttala med ein H*LH-kontur.

6.5 MEIR OM L*HL-KONTURAR OG H*LH-KONTURAR

Me har no sett eksempel på at informantane kan ha feil trykkplassering i samansette ord. Vidare har me sett at lange, samansette ord inn i nokre tilfelle vert delte inn i fleire AP-ar. Når det gjeld lange og samansette ord, er ikkje alt sagt med dette. Ser ein på materialet til informantane, ser det ut til å vera ein samanheng mellom typar konturar som førekjem og ordlengd eller antal stavingar AP-ane inneheld. I materialet til informant 1 får trestavingsorda *landsmålet* og *Valdemar* L*HL-kontur. Det same gjeld femstavingsordet *karnevalene*. Hjø informant 2 får trestavingsordet *Valdemar* og trestavingsordet *Hannemor*, samt AP-ane (*Kari har*)_{AP} og (*Anne har*)_{AP}, som begge inneheld tre stavingar, ein L*HL-kontur.

I materialet til informant 3 finn ein òg eksempel på L*HL-konturar i lange og samansette ord, til dømes seksstavingsordet *delingsmodellene* og femstavingsordet *karnevalene*, samt i tilfelle som (*Anne har*)_{AP}. I tillegg får AP-ar som består til dømes av førenamn + etternamn, eller førenamn + lyver gjerne L*HL-kontur. Det er relativt få L*HL-konturar i materialet til informant 4, men eit eksempel er likevel trestavingsordet *Valdemar*. Ei mogleg forklaring på at informant 4 ikkje har så mange konturar av denne typen, er nok at ei rekke av dei lange og samansette orda som førekjem i materialet til informant 4, heller får H*LH-kontur. Dette gjeld til dømes femstavingsordet *anasene*, trestavingsordet *Hannemor*, trestavingsordet *selvmålet*, femstavingsordet *lærerforbundet*, trestavingsordet *landsmålet* og femstavingsordet *karnevalene*.

Med andre ord kan det sjå ut til at det er ein tendens til at L*HL-konturar og H*LH-konturar ofte vert nytta i AP-ar som som inneheld fleire enn to, og spesielt tre eller, fem stavingar. Desse AP-ane kan bestå av lange og samansette ord, eller fleire kortare ord.

6.6 SPØRJESETNINGAR

Av dei 59 setningane som er med i materialet til kvar informant, er det åtte spørjesetningar:

9. Sa du *levende*?

11. Heter han *Valdemar Dale*?

17. Sa du *lesebok*?

22. Hvorfor sa du *anasene*?

29. Hvorfor sa du *lesebok*?

37. Hvorfor sa du *levende*?


44. Heter hun *Hannemor Dalen*?

50. Sa du *ananasene*?

Som me kan sjå, er det ulike typar spørjesetningar. To av setningstypene, *Sa du x?* og *Heter han/hun x?*, er setningar som krever ja-/nei-svar. Dei andre: *Hvorfor sa du x?* er såkalla *hv-spørjesetningar*, som krever eit meir utfyllande svar. Det opphavlege testordet er finalt plassert i alle spørjesetningane. Av analysen kan det sjå ut til at det er eit visst mønster som går igjen på tvers av informantane. I fleire tilfelle vert nemleg det finalt plasserte testordet uttala med ein L*H-kontur.


Sidan det er mest variasjon i materialet til informant 1, har eg valt å presentera dette mest utførleg i samband med spørjesetningane. Informant 1. uttalar som me kan sjå alle ja-/ nei-spørsmåla med ein tydelig L*H- kontur:

Figur 79




9. (Sa du)_{AP} (levende)_{AP}?

Figur 80




17. (Sa du)_{AP} (lesebok?)_{AP}

Figur 81




50. (Sa du)_{AP} (ananasene)_{AP}?

Figur 82



11. (Heter han)_{AP} (Valdemar)_{AP} (Dale)_{AP}?

Figur 83




44. (Heter hun)_{AP} (Hannemor)_{AP} (Dalen)_{AP}?

I tilfellet med informant 1 er det to unntak. Desse unntaka gjeld to spørsmål som vert innleia med spørjeordet «*hvorfor*». Kan hende er det tilfeldig, men det gjer at det kan sjå ut til at det er eit skilje mellom korleis intonasjonen vert realisert i dei spørsmåla som vert innleia med «*hvorfor*» og dei som krev ja-/neisvar.

I setning 22. *Hvorfor sa du ananasene*, får (ananasene)_{AP} ein H*L-kontur:


Figur 84



22. (Hvorfor sa du)_{AP} (ananasene)_{AP}?

I setning 29. *Hvorfor sa du lesebok får* (lesebok)_{AP} ein flat kontur. Merk likevel at ytringa får ein H*L- deklinasjon:


Figur 85



29. (Hvorfor sa du)_{AP} (lesebok)_{AP}?

Informanten er likevel ikkje heilt konsekvent, fordi eit av «hvorfor»- spørsmåla også får ein L*H kontur:


Figur 86



37. (Hvorfor sa du)_{AP} (levende)_{AP}?

Hjå informant 2 og 3 får alle dei finalt plasserte testorda i spørjesetningane L*H- kontur. Dette gjeld både i «*hvorfor*»- setningane og i «*ja/nei*»- setningane. Hjå informant 4 vert alle ja-/nei-spørsmåla uttala med ein L*H- kontur. Det einaste unntaket av spørjesetningane hjå informant 4 som ikkje vert uttala med ein L*H-kontur, er «*hvorfor*»-spørsmålet i setning 22. *Hvorfor sa du ananasene?* Her får AP-en (*ananasene*)_{AP} ein H*LH-kontur:

Figur 87



(*ananasene*)_{AP}

På tross av litt variasjon i materialet til informant 4 og informant 1 er det ein tydeleg tendens at informantane uttalar finalt plasserte testord i spørjesetningar med ein L*H-kontur. Kvifor gjer så informantane dette? Kan dette vera eit trekk som er prega av deira tyske morsmål?

Peters (2009: 100) seier at tysk ikkje har intonasjonskonturar som er knytte til syntaktisk definerte setningstypar og at det ikkje finst nokon setningsintonasjon for utsagnssetningar eller spørjesetningar, men at det likevel er slik at syntaktiske konstruksjonar eignar seg i ulik grad til å oppfylla intonatorisk relevante funksjonar, og at bestemte syntaktiske konstruksjonar difor heller vert kombinerte med ein viss kontur framfor ein annan.

At informantane uttalar dei fleste finale testorda i spørjesetningar med final høgtone, kan kanskje vera eit resultat av at informanten har lært at ein markerer spørsmål i norsk ved stigning på slutten av setninga. Det er nemleg vanleg at ein presenterer ein norsk spørsmålsintonasjon i lærebøker om norsk språk. Til dømes er det eit utsegn om at spørsmål normalt endar med ein stigande tonegang i Rolf Theil Endresen *Fonetikk og fonologi. Ei elementer innføring* (1991):

Mens tonem var ordskiljande tonegang, er **intonasjon** *ytringsskiljande tonegang*. Samanlikne 1 og 2 nedanfor, som skal representere to ytringar som inneheld dei same orda i same følgd, men som er forskjellige i intonasjon:

- 1) Dei tar seg ein tur i morgon.
- 2) Dei tar seg ein tur i morgon?

Spørsmålsteiknet i 2 skal markere at dette er eit spørsmål, mens punktet i 1 markerer at dette er ein påstand. Spørsmål ender normalt med ein stigande tonegang, mens påstanden kan ende med ein meir eller mindre fallande tonegang eller låg tone (Endresen, 1991: 153).

Samstundes syner undersøkingar gjennomførte av Tronstad (1995: 68) at det i realiteten er slik at det både finst spørsmål som endar høgt, spørsmål som endar lågt og spørsmål som har ei umarkert avslutning. Ho meiner at det snarare må vera andre faktorar enn ytringstypen (spesielt konteksten) som avgjer setningsmelodien.

6.7 KORLEIS INTONASJONEN TIL INFORMANTANE SAMSVARAR MED DET NORSKE SYSTEMET SLIK DET FAKTISK ER

Til no har me sett kva slags intonasjonskonturar dei tyske studentane produserer i møte med norsk, og me har sett på trekk ved intonasjonskonturane i materialet til den einkilde informanten og på tvers av informantane, samt kva det er som kan ha vore med på å påverka intonasjonen til informantane. No skal me sjå litt vidare på korleis det dei faktisk gjer, står i samband med det norske systemet slik det er.

I Noreg nyttar me ulike dialektar, og me har me ikkje noko standardisert talemål som til dømes i Tyskland, der «Hochdeutsch» fungerer som standard talemål. Likevel vil mange hevda at austnorsk talemål – eller bokmål med austnorsk uttale, er eit slags standard talemål i Noreg. Det vil ikkje vera riktig å bruka nemninga standard talemål i same tyding om austnorsk som om «Hochdeutsch», likevel er nok austnorsk det næraste me kan koma dette i norsk.

Som eg tidlegare har peika på, kan ein dela dei norske dialektane inn i lågtonedialektar og høgtonedialektar. Dette vert gjort på bakgrunn av tonerørsla på den trykksterke stavinga i tonelag 1-ord. Austnorske dialektar har *lågtone*, som tyder at trykkstavinga har den lågaste tonen, medan vestnorske dialektar inkludert nordnorsk har *høgtone*. Det vil seia at trykkstavinga har den høgaste tonen. Med det notasjonssystemet eg nyttar, vil det altså seia at tonelag 1-ord i austnorsk vert notert L*H, medan tonelag 1-ord i vestnorsk vert notert H*L. Når det gjeld tonelag 2-ord i austnorsk, vert dei notert H*LH medan tonelag 2-ord i vestnorsk vert notert L*HL, jamfør avsnitt 3.1. Dette er ei ganske grov inndeling, men eg har likevel valt denne inndelinga som samanlikningsgrunnlag i dette høvet. Svakheita ved denne forenkla

inndelinga er at det er stor forskjell på korleis dei to tonelaga vert realiserte i dei ulike norske dialektane. Nokre dialektar har som tidlegare nemnt ikkje tonelagsmotsetnad i det heile. Grunngevinga for likevel å velja denne forenkla inndelinga, er at denne framstillinga berre er meint å vera eit forsøk på å plassera informantane etter trekk som er typiske for austnorsk eller vestnorsk. Noko anna ville vera for omfattande i denne samanhengen.

Det kan gjerne diskuteras kor vidt det har noko for seg å forsøka å plassera informantane etter mønster for norsk intonasjon, kanskje særleg i dette høvet, i og med at informantane ikkje har lært norsk særleg lenge, og sidan det er så mange moglege faktorar som kan ha vore med på å påverka dei i deira realisasjon av norsk intonasjon. Det er ikkje meininga å seia noko eksakt om kva dei eventuelt har forsøkt å etterlikna av intonasjonelle mønster frå norsk, men snarare å seia litt om kva me som høyrer informantane snakka, assosierer med deira realisasjon av intonasjon.

Når det kjem til dei fire informantane sin uttale av testsetningane, vil eg på grunnlag av det analyserte materialet påstå at det ikkje er nokon grunn til å tru at informantane på nokon måte medvete skil mellom tonelag 1- og tonelag 2-ord i norsk. Dette syner seg ved at informantane gjerne uttalar eit ord som på norsk er eit tonelag 1-ord med det som best kan tolkast som ein tonelag 2-kontur, eller eit ord som på norsk er eit tonelag 2-ord med det som best kan tolkast som ein tonelag 1-kontur.

Å seia at informantane uttalar eit tonelag 1-ord med tonelag 2 eller eit tonelag 2-ord med tonelag 1 er litt problematisk, fordi det ikkje ser ut til at informantane skil medvete mellom korleis tonelag eit 1-ord eller eit tonelag 2-ord vert realisert på austnorsk og korleis eit tonelag 1-ord eller tonelag 2-ord vert realisert på vestnorsk.

Det er ganske krevjande for studentane å meistra ulik realisasjon av tonelag i norsk og intonasjon i tillegg. På den måten er det ikkje så rart at det dei tyske studentane gjer, avvik frå norske tonelag og norsk intonasjon slik han faktisk er. Det er ikkje vanskeleg å finna eksempel på at ord vert uttala annleis av informantane enn det ein person med norsk som morsmål ville ha forventa å høyra av ein annan person med norsk som morsmål. Interessant er det òg at eit ord som *Valdemar* som er eit tonelag 1-ord på norsk, av samtlege informantar vert uttala med det som me oppfattar som vestnorsk tonelag 2, L*HL. Så vidt eg veit, vert dette ordet uttala med ein H*L-kontur på tysk.

Som nemnt er det kanskje ikkje så lett å plassera informantane i forhold til norsk, og kanskje kan det diskuteras kor mykje det har for seg på eit så tidleg stadium i innlæringsprosessen. Likevel vil nokre av dei tendensane me finn tonalt sett i materialet til dei einiskilde informantane, unekteleg kunna vera med på å påverka oss med tanke på korleis me

oppfattar norsken deira i forhold til variantar av norsk som me er vande med å høyra. I materialet til informantane i denne undersøkinga er det litt ulik distribusjon av konturar hjå dei einskilde informantane. Hjå informant 1 var det til dømes sær mange H*L-konturar i samband med AP-ane. H*L-konturar er vanleg realisasjon av tonelag 1 i vestnorske dialektar. Den relativt store førekomsten av H*L-konturar i materialet til informant 1 kan dermed vera med på å gjera at informanten sin realisasjon av norsk kan assosierast med vestnorsk. Samstundes er det slik at informant 1 ikkje berre nyttar H*L-kontur på ord som på norsk er tonelag 1-ord, men òg på ord som på norsk eigentleg er tonelag 2-ord. Dette trekket kan vera med på å gjera at ein òg kan assosiera informanten med trekk frå nord-norsk intonasjon, i område der ein ikkje har tonelagsmotsetnad.

Informant 2 har ei relativ jamn fordeling av dei ulike typane konturar, og difor er det ikkje så lett å «plassera» ho i forhold til norsk.

Informant 3 har 47 % L*H-konturar. L*H-konturar er som kjent vanleg realisasjon av tonelag 1-ord i austnorske dialektar. Sidan informanten produserer så mange finale høgtonar, kan det vera med på å gjera at ein assosierer informanten med trekk som er typiske for austnorsk intonasjon.

Informant 4 har 30 % L*H-konturar og 20 % H*LH-konturar. Det at informanten produserer så mange finale høgtonar, kan, på same måten som hjå informant 3, vera med på å gjera at ein assosierer informanten med trekk som er typiske for austnorsk intonasjon. I dette tilfellet har informanten både AP-ar med L*H-kontur og AP-ar med H*LH-kontur. Som kjent har austnorske tonelag 1-ord L*H-kontur medan austnorske tonelag 2-ord har H*LH-kontur.

I innføringsbøker i norsk som andrespråk/framandspråk har ikkje intonasjon fått ein så stor plass, men tonelaga i norsk vert ofte nemnde. Kvifte og Gude-Husken (2005) peikar på den sentrale utfordringa ein tyskar som skal læra norsk har i dette avsnittet, som eg tek med her:

Im Gegensatz zum Deutschen gibt es im Norwegischen in mehrsilbigen Wörtern mit Betonung auf der ersten Silbe zwei Wortmelodien (Tonem, musikalischer Akzent), so daß das Wort entweder Tonem 1 oder Tonem 2 hat. Bei dem Tonem 1 wird die betonte Silbe tiefer gesprochen als die anderen Silben, und der Ton steigt zum Ende des Wortes (d.h. steigende Wortmelodie). Bei dem Tonem 2 sinkt der Ton auf der ersten betonten Silbe, steigt jedoch wieder in den folgenden Silben (d.h. fallend-steigend Wortmelodie). Weder Tonem 1 noch Tonem 2 entsprechen der deutschen Wortmelodie, bei der der Ton zum ende des Wortes sinkt (Kvifte & Gude-Husken, 2005: 10-11).

Dei gjev klassiske døme på tonelagsmotsetnad:

Indem die norwegische Wortmelodie geändert wird, kann auch die Bedeutung eines einzelnen Wortpaares geändert werden, das ansonsten in der Aussprache vollkommen identisch ist:

smilet – smile ['smi:lə - "smi:lə]	Das Lächeln – zu lächeln
bønder – bønnner ['bœn:ər - "bœn:ər]	Bauern – Bohnen
heller – heller ['hɛl:ər - "hɛl:ər]	lieber - gießen

(Kvifte & Gude-Husken, 2005: 11).

Vidare held dei fram slik:

Die Regeln für die Verteilung der Wortmelodie sind kompliziert und weisen viele Ausnahmen auf. Für Ausländer, die Norwegisch lernen, ist es schwierig zu hören, ob ein Wort mit dem Tonem 1 oder 2 ausgesprochen wird, aber in den (relativ wenigen) Fällen, in denen die Toneme bedeutungsunterscheidend sind, kann die Bedeutung des Wortes in der Regel dem Kontext entnommen werden (Kvifte & Gude-Husken, 2005: 11).

Avslutningsvis vert det fokusert på at det er vanskeleg for utlendingar som lærer norsk, å høyra om eit ord vert uttala med «Tonem 1» eller «Tonem 2», men at tydinga til eit ord som regel kan forståast ut i frå samanhengen i dei få tilfella der tonema er tydingsskiljande. Som denne undersøkinga har vist, er det vanskeleg for studentane å meistra tonelaga og intonasjonen i norsk. Så er spørsmålet: Kor viktig er det eigentleg at studentane meistrar tonelagsdistinksjonen og øvrige intonasjonsmønster i norsk?

Ifølgje den kjende språkforskaren og lærebokforfattaren Einar Haugen treng ein ikkje fokusera på tonelag i den grunnleggjande norskopplæringa. Han seier at ein språkelev kan sjå vekk i frå denne distinksjonen med mindre ein vil tileigna seg absolutt «innfødtdlik» uttale av norsk. Ifølgje Haugen har det ikkje konsekvens for kommunikasjonen om ein nyttar feil tonelag, fordi det som oftast vil framgå av konteksten kva for ord som var meint. Tilhøve i norsk som kan tena som «orsaking» for at ein utlending ikkje treng læra seg tonelagsmotsetnad, kan vera:

1. Tonelaga varierer frå dialekt til dialekt
2. Tonemønstra i ein dialekt kan ikkje alltid brukast i ein annan
3. Ein del dialektar manglar tonelag
4. Det er vanskeleg å laga enkle reglar for distribusjonen av tonelag

(Haugen, 1979) i (Husby & Kløve, 2007: 109).


Husby og Kløve (2007: 109) seier at dette ikkje betyr at minoritetsspråklege ikkje kjem til å meistra tonelag i ein god del ord. Læraren eller andre sitt talemål vil vera modellar, og tileigninga av tonemønstra vil skje umedvite og på eit meir uformelt grunnlag, men tonemet vil vera knytt til det einskilde ordet.

Eg har tidlegare peika på at det kan vera slik at personar som har lært seg norsk, kan meistra språket så å seie fullt og heilt, men at dei kan hende avslører at dei ikkje er morsmålstalarar av norsk nett på grunn av ein intonasjon som bryt med det ein morsmålsbrukar av norsk vil akseptera som norsk. Når det er sagt, er det for å gjera seg forstått ikkje naudsynt for innlærarar av norsk å meistra intonasjonen i språket fullt og heilt. Eit anna spørsmål er om det i det heile tatt er mogleg å oppnå innfødtlik uttale av norsk, dersom ein har lært seg språket i vaksen alder.

6.8 ANALYSEMESSIGE UTFORDRINGAR

Eitt av funna i denne oppgåva, var at dei rammesetningane som vart nytta, ikkje alltid gav venta resultat. Desse setningane vart valde av den grunn at dei skulle styra informantane i lesinga deira av testord. Blant anna vart setningar av typen *Hun/han heter* «fornavn + etternavn», plukka ut fordi det var tenkt at namnefrasen «fornavn + etternavn» skulle lesast med fokus både på førenamn og etternavn. I nokre tilfelle slår informantane desse namnefrasane saman og lagar ein AP av dei, jamfør figur 45, her gjeve att som figur 88, som syner setning 12. *Hun heter Kari Eggen* hjå informant 3. Her får *(Kari Eggen)_{AP}* ein L*HL-kontur:

Figur 88




12. (Hun)_{AP} (heter)_{AP} (Kari Eggen)_{AP}.

I setningar av typen *Jeg tror at* «fornavn» *har gått hjem*, var det tenkt at testordet skulle danne ein AP av typen («fornavn» *har gått*)_{AP}. I fleire tilfelle laga informantane AP-ar med

«fornavn» + *har* i staden: Jamfør figur 34, her gjeve att som figur 89, som syner informant 2 sin realisasjon av setning 26. *Jeg tror at Kari har gått hjem*:


Figur 89



26. (Jeg)_{AP} (tror)_{AP} at (Kari har)_{AP} (gått hjem)_{AP}.

I setningar av typen *Jeg tror at «fornavn» lyver* var det tenkt at «fornavn» ville utgjera ein AP for seg. Denne forventninga har ikkje gitt venta resultat, i og med at me finn eksempel på AP-ar som består av «fornavn» + *lyver*. Jamfør figur 47, her gjeve att som figur 90, som syner informant 3 sin realisasjon av setning 40. *Jeg tror at Peter lyver*:

Figur 90



40. Jeg (tror)_{AP} at (Peter lyver)_{AP}

Dette er ein uttale som for ein person med norsk som morsmål ville bli oppfatta kontrastivt: *Jeg tror at Peter lyver* (men Norunn tror jeg snakker sant).

7.0 AVSLUTTING

Arbeidet med oppgåva har vore tidkrevjande, men spennande. I og med at det ikkje har vore gjort noko arbeid på feltet tidlegare, har det vore ekstra utfordrande, men òg ekstra interessant. Eg har fått innsikt i korleis ein kan gå fram for å seia noko om realisasjonen av

intonasjon i norsk som framandspråk, samstundes som eg òg har fått erfaring som kan koma godt med i liknande arbeid seinare, men òg i ein undervisningssamanheng med fokus på norsk som framandspråk eller norsk som andrespråk.

I arbeidet med denne oppgåva har eg hatt som mål å finna svar på følgjande problemstillingar:

- 1. Kva slags intonasjonskonturar produserer tyske studentar i møte med norsk?**
- 2. Finst det nokon sams trekk ved intonasjonskonturane i materialet til den einskilde informanten eller på tvers av informantane?**
- 3. Korleis samsvarar det dei gjer med det norske systemet slik det faktisk er?**

I analysedelen har eg svart på problemstilling **1. Kva slags intonasjonskonturar produserer tyske studentar i møte med norsk?** Som me såg, produserte informantane i ulik grad H*L-konturar, L*H-konturar, L*HL-konturar, H*LH-konturar og flate konturar. Sjå kap 6.0 for ei oversikt. I analysedelen og i drøftinga har eg òg svart på problemstilling **2. Finst det nokon sams trekk ved intonasjonskonturane i materialet til den einskilde informanten eller på tvers av informantane?** Ved å syna trekk i materialet til dei einskilde informantane, samt ved å samanlikna desse, har eg kome fram til at det er nokre typiske trekk i materialet hjå dei einskilde informantane, samstundes som det er nokre trekk som er felles for informantane. Eg har òg funne ut at ein på grunnlag av dette materialet ikkje kan konkludera med noko typisk tysk ved måten studentane realiserer norsk intonasjon på, fordi det er ein del forskjell mellom informantane. Når det gjeld problemstilling **3. Korleis samsvarar det dei gjer med det norske systemet slik det faktisk er?** svarer eg på dette i drøftingsdelen. Det er slik at mykje av det informantane gjer, vik av frå norsk. Samstundes har informantane gjerne overvekt av finale høgtonar eller finale lågtonar. Førekost av mange finale lågtonar hjå ein informant gjer at ein kan assosiera informanten med vestnorske trekk, medan førekost av mange finale høgtonar hjå ein informant gjer at ein kan assosiera han med austnorske trekk.

7.1 KVA HAR MASTEROPPGÅVA MI VIST

Målet med oppgåva var å finna ut meir om intonasjon i norsk som framandspråk. Denne masteroppgåva har vist nokre tendensar ved intonasjonen til tyske studentar som lærer norsk. Dette har eg kome fram til gjennom analyse av eit testmateriale som består av lesne setningar.

Hovudfunna i oppgåva er:

- Det er skilnad på kva slags intonasjonskonturar informantane produserer
- Det kan vera ulike årsaker til variasjonen i intonasjonen til informantane
- Det finst tendensar i den einskilde informanten sitt materiale
- Det finst òg tendensar i materialet som gjeld på tvers av informantane
- Det er også viktig med fokus på det tonale på ytringsplan i tillegg til på AP-basis, særleg gjeld dette i møte med dei flate konturane
- Lange og samansette ord kan resultera i feil trykkplassering og ei inndeling i fleire AP-ar
- Det ser ut til at det kan vera ein samanheng mellom LHL-konturar/ HLH-konturar og ordlengd/ antal stavingar i ytringa
- Det er ein tendens at finalt plasserte testord i spørjesetningar får ein final høgtone
- Det er vanskeleg å seia korleis det dei gjer, korresponderer med det norske systemet slik det er, men trekk ved intonasjonen til informantane kan gjera at me assosierer dei med trekk frå vestnorsk/ nordnorsk eller austnorsk
- Ikkje alle rammesetningane gav venta resultat med tanke på trykkplassering

7.2 FORSLAG TIL VIDARE FORSKING

Denne oppgåva tek for seg intonasjon i norsk som framandspråk, eit fagfelt det ikkje er gjort noko særleg arbeid innanfor tidlegare. Oppgåva opnar for mange spennande vinklingar og prosjekt for vidare forskning på feltet. Det er ei rekke tilhøve eg kunne ha tenkt meg å ha sett nærare på berre i det materialet som ligg til grunn for denne oppgåva. Ei naturleg og avgjerande årsak til at eg ikkje fekk fokusert på alt eg kunne ha tenkt meg å ha med, var sjølvstags tidsramma for arbeidet. Som eg allereie har vist, er ganske store delar av materialet eg i utgangspunktet samla inn, framleis ikkje nytta. Det gjev moglegheiter til fleire prosjekt basert på dette materialet. Eg har i denne undersøkinga teke for meg opplesne setningar og ikkje fri tale. Det hadde vore ønskeleg også å ha med analyse av materialet som var basert på fri tale. Dette er ei mogleg utviding av prosjektet i ettertid. Ein slik analyse vil eventuelt òg kanskje kunna seia noko meir om i kor stor grad leseprosessen i samband med testsetningane har prega intonasjonen til informantane.

Forslag til vidare forskning kan vera å sjå nærare på korleis realisasjon av intonasjon i norsk som framandspråk vil arta seg hjå informantar med ein annan morsmålsbakgrunn enn

tysk. Dette vil òg kunna opna for ei samanlikning av eventuelle funn opp mot dei funna eg har gjort i denne oppgåva.

8.0 LITTERATUR

- Abrahamsen, J. E. (2003). *Ein vestnorsk intonasjonsfonologi*. Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet, Trondheim.
- Audacity Team. (2011). Audacity (Version 1.3.14-Beta) [Computer Program]. Henta frå <http://audacity.sourceforge.net/>
- Berggreen, H., & Tenfjord, K. (1999). *Andrespråkslæring*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- Boersma, P., & Weenink, D. (2004). Praat: doing phonetics by computer (Version 5.3.04) [Computer program]. Henta frå <http://www.fon.hum.uva.nl/praat/>
- Cruttenden, A. (1997). *Intonation*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Crystal, D. (1987). Families of languages *The Cambridge encyclopedia of language* (ss. 292-295). Cambridge: Cambridge University Press.
- Endresen, R. T. (1991). *Fonetikk og fonologi: Ei elementær innføring*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Endresen, R. T. (2000). Språkljdlære: fonetikk og fonologi. I Rolf Theil Endresen, Hanne Gram Simonsen & Andreas Sveen (Red.), *Innføring i lingvistikk* (ss. 207-306). Oslo: Universitetsforlaget.
- Fretheim, T. (Red.). (1981). *Nordic prosody II : papers from a symposium*. Trondheim: Tapir.
- Gussenhoven, C. (2004). *The Phonology of Tone and Intonation*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Halsen, T. E. (2007). Ein akustischer und auditiver Vergleich zwischen dem Intonationsmuster der deutschen Standardaussprache und dem Intonationsmuster der jeweiligen norwegischen Mundarten "Ostnordisch" und "Helgelanddialekt" : hat das Intonationsmuster des Helgelanddialekts mehr Ähnlichkeiten mit dem Intonationsmuster der deutschen Standardsprache als das des Ostnordischen? Henta frå http://www.duo.uio.no/publ/ILOS/2007/67456/Halsen_master.pdf
- Haugen, E. (1979). *Beginning Norwegian*. Harrap, London.
- Hognestad, J. K. (1997). *Tonemer i en høytone-dialekt: en undersøkelse med utgangspunkt i Egersund bymål*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Hognestad, J. K. (2012). *Tonelagsvariasjon i norsk: synkrone og diakrone aspekter, med særlig fokus på vestnorsk*. University of Agder, Kristiansand.
- Husby, O., & Kløve, M. H. (2007). *Andrespråksfonologi: teori og metodikk*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- Kristoffersen, G. (1995). *Norsk Prosodi*. Upublisert manuskript.

- Kristoffersen, G. (1998). Fonologi. I Torbjørn Nordgård (Red.), *Innføring i språkvitenskap* (ss. 60-131). Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- Kristoffersen, G. (2000). *The Phonology of Norwegian*. New York: Oxford University Press.
- Kristoffersen, G. (2009). Norsk tonelagstypologi. Henta 23.05, 2012, frå <http://www.uib.no/fg/forse/prosjekter/prosjektoversikt/norsk-tonelagstypologi>
- Kvifte, B., & Gude-Husken, V. (2005). *Praktische Grammatik der norwegischen Sprache*. Wilhelmsfeld: gottfried egert verlag.
- Labov, W. (1972). *Sociolinguistic Patterns*. Philadelphia: University of Pennsylvania Press.
- Laver, J. (1994). *Principles of Phonetics*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Lie, S. (1998). *Kontrastiv grammatikk - med norsk i sentrum*. Oslo: Novus forlag.
- Nilsen, R. A. (1989). *On prosodically marked information structure in spoken Norwegian*. University of Trondheim, Trondheim.
- Nilsen, R. A. (1992). *Intonasjon i interaksjon: sentrale spørsmål i norsk intonologi*. Universitetet i Trondheim, Trondheim.
- Peters, J. (2006). *Intonation deutscher Regionalsprachen*. Berlin: W. De Gruyter.
- Peters, J. (Red.). (2009) Duden - Die Grammatik (8. utg.). Mannheim: Bibliographisches Institut Mannheim
- Simonsen, H. G. (2011). Språk. Henta 27.07, 2012, frå <http://snl.no/språk>
- Skjekkeland, M. (2005). *Dialektar i Noreg: Tradisjon og fornying*. Kristiansand S: Høyskoleforlaget AS - Norwegian Academic Press.
- Tronstad, I. (1995). *Myter og realiteter om norsk intonasjon*. Hovudoppgave i nordisk språk, Universitetet i Trondheim.

9.0 VEDLEGGSLISTE

9.1 FØRESPURNAD OM DELTAKING I EIT FORSKINGSPROSJEKT

Forespørsel om deltakelse i et forskningsprosjekt

Dette er en undersøkelse som er knyttet til en masteroppgave i nordisk, der målet er å kunne si noe om språket hos tyske studenter som studerer norsk ved et universitet i Tyskland.

Deltakelse i prosjektet innebærer følgende:

- Et kort intervju på tysk på omtrent 5 minutter. Spørsmålene er av generell karakter og kommer ikke inn på forhold som på noen måte kan være sensitive.
- Opplesning av en kort tysk tekst.
- Opplesning av omtrent 60 ferdigstilte testsetninger.
- Opplesning av en kort norsk tekst.
- Et kort intervju på norsk på omtrent 5 minutter. Spørsmålene er av generell karakter og kommer ikke inn på forhold som på noen måte kan være sensitive.

Krav til informanten er at det er en student som studerer norsk på et tysk universitet. Det vil bli gjort lydopptak av intervjuene og opplesningen av tekstene og setningene. Opptakene med hver informant vil bli delt opp i et større antall lydfiler som stort sett vil bestå av enkeltytringer. Disse filene vil utgjøre prosjektets database, som i selve prosjektperioden oppbevares elektronisk. Jeg vil dessuten oppbevare en liste i papirform som koplek informantnavn og filnavn.

Det er frivillig å være med, og du har mulighet til å trekke deg når som helst underveis, uten å måtte begrunne dette nærmere. Dersom du trekker deg, vil alle innsamlede data om deg bli anonymisert, og opptakene slettes. Opplysningene vil bli behandlet konfidensielt, og ingen enkeltpersoner vil kunne gjenkjennes i den ferdige oppgaven.

Hva skal materialet brukes til?

Materialet som samles inn vil bli brukt til forskning innenfor fagområdene fonetikk og fonologi i forbindelse med min masteroppgave i nordisk.

Etter prosjektslutt 15.12.2011 ønskes datamaterialet lagret på ubestemt tid på database ved Universitetet i Agder. I basen vil informantnavn bli erstattet med koder, og det vil kun være informasjon om informantens fødselsår og hjemsted som vil være knyttet til selve lydfilene. En koblingsnøkkel som viser forholdet mellom koder og navn, vil bli oppbevart konfidensielt hos Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste (NSD).

Formålet med lagringen av datamaterialet/lydfilene er språkforskning med relasjon til Institutt for nordisk og mediefag ved UiA. Den som administrerer databasen, vil være tilsatt ved instituttet og må i hvert enkelt tilfelle gi forskere som ønsker det, tillatelse til å bruke materialet. Slik tillatelse vil kunne omfatte både forskning og ulike typer forskningsformidling. Det siste innebærer at enkeltlydfiler vil kunne bli avspilt for tilhørere i samband med ulike typer faglige presentasjoner.

Hvis det er noe du lurer på kan du ringe meg på 41146973, eller sende en e-post til annejn06@student.uia.no. Du kan også kontakte min veileder Jan K. Hognestad ved institutt for Nordisk og mediefag, UiA, jan.k.hognestad@uia.no.

Studien er meldt til Personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste A/S.

Dersom du ønsker å delta i undersøkelsen, er det fint om du signerer den vedlagte samtykkeerklæringen på neste side.

Vennlig hilsen

9.2 SAMTYKKESKJEMA

Samtykkeerklæring

Jeg samtykker med dette i å være informant for prosjektet *Intonasjonen i norsk som fremmedspråk/andrespråk* ved Universitetet i Agder. Jeg er innforstått med at materialet aidentifiseres, og at personopplysninger jeg har gitt, blir lagret separat fra selve lyd materialet.

Etter prosjektslutt kommer materialet til å bli oppbevart av Universitetet i Agder. Materialet vil bli arkivert på ubestemt tid, og også andre forskere kan få tilgang til det i samband med konkrete prosjekter. Jeg samtykker også i at materialet, i aidentifisert form, kan brukes både i vitenskaplige arbeider og i ulike typer faglige presentasjoner.

Navn (med blokkbokstaver): _____

Signatur:

9.3 GODKJENNING FRÅ NSD

Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS
NORWEGIAN SOCIAL SCIENCE DATA SERVICES



Harald Hårfagres gate 29
N-5007 Bergen
Norway
Tel: +47-55 58 21 17
Fax: +47-55 58 96 50
nsd@nsd.uib.no
www.nsd.uib.no
Org.nr. 985 321 884

Jan K. Hognestad
Institutt for nordisk og mediefag
Universitetet i Agder
Serviceboks 422
4604 KRISTIANSAND S

Vår dato: 24.09.2010

Vår ref: 24472 / 2 / MSS

Deres dato:

Deres ref:

KVITTERING PÅ MELDING OM BEHANDLING AV PERSONOPPLYSNINGER

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 27.05.2010. All nødvendig informasjon om prosjektet forelå i sin helhet 23.09.2010. Meldingen gjelder prosjektet:

24472	<i>Intonasjonen i norsk som framandspråk og andrespråk</i>
Behandlingsansvarlig	<i>Universitetet i Agder, ved institusjonens øverste leder</i>
Daglig ansvarlig	<i>Jan K. Hognestad</i>
Student	<i>Anne Jorunn Nielsen</i>

Personvernombudet har vurdert prosjektet og finner at behandlingen av personopplysninger er meldepliktig i henhold til personopplysningsloven § 31. Behandlingen tilfredsstiller kravene i personopplysningsloven.


Personvernombudets vurdering forutsetter at prosjektet gjennomføres i tråd med opplysningene gitt i meldeskjemaet, korrespondanse med ombudet, vedlagte prosjektvurdering - kommentarer samt personopplysningsloven/-helseregisterloven med forskrifter. Behandlingen av personopplysninger kan settes i gang.

Det gjøres oppmerksom på at det skal gis ny melding dersom behandlingen endres i forhold til de opplysninger som ligger til grunn for personvernombudets vurdering. Endringsmeldinger gis via et eget skjema, http://www.nsd.uib.no/personvern/forsk_stud/skjema.html. Det skal også gis melding etter tre år dersom prosjektet fortsatt pågår. Meldinger skal skje skriftlig til ombudet.

Personvernombudet har lagt ut opplysninger om prosjektet i en offentlig database, <http://www.nsd.uib.no/personvern/prosjektoversikt.jsp>.

Personvernombudet vil ved prosjektets avslutning, 15.12.2011, rette en henvendelse angående status for behandlingen av personopplysninger.

Vennlig hilsen


Bjørn Henriksen


Marie Strand Schildmann

Kontaktperson: Marie Strand Schildmann tlf: 55 58 31 52

Vedlegg: Prosjektvurdering

Kopi: Anne Jorunn Nielsen, Vindmøllegangen 14, 4631 KRISTIANSAND S

Avdelingskontorer / District Offices:

OSLO: NSD, Universitetet i Oslo, Postboks 1055 Blindern, 0316 Oslo. Tel: +47-22 85 52 11. nsd@uio.no

TRONDHEIM: NSD, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, 7491 Trondheim. Tel: +47-73 59 19 07. kyrre.svarva@svt.ntnu.no

TROMSØ: NSD, SVF, Universitetet i Tromsø, 9037 Tromsø. Tel: +47-77 64 43 36. nsdmaa@sv.uit.no

9.4 TESTSETNINGANE

1. Jeg tror at Mons lyver.
2. Jeg sa tusenårsjubileum sist uke.
3. Jeg tror at Anne har gått hjem.
4. Jeg sa volleyballene sist uke.
5. Han heter Mons Møller.
6. Jeg tror at Ola lyver.
7. Jeg sa ananasene sist uke.
8. Han heter Ola Dale.
9. Sa du levende?
10. Han heter Ola Eggen.
11. Heter han Valdemar Dale?
12. Hun heter Kari Eggen.
13. Jeg sa delingsmodellene sist uke.
14. Jeg tror at Jan har gått hjem.
15. Hun heter Sissel Fosse.
16. Jeg tror at Kari lyver.
17. Sa du lesebok?
18. Jeg tror at Mons har gått hjem.
19. Jeg sa fordelingsmodellene sist uke.
20. Jeg tror at Ola har gått hjem.
21. Hun heter Sissel Ross.
22. Hvorfor sa du ananasene?
23. Hun heter Hannemor Dalen.
24. Jeg tror at Sissel lyver.
25. Jeg sa sitronkake sist uke.
26. Jeg tror at Kari har gått hjem.
27. De tok 15 av de beste.
28. Jeg tror at Hannemor lyver.
29. Hvorfor sa du lesebok?
30. Jeg tror at Sissel har gått hjem.
31. Hun heter Hannemor Fosse.
32. Jeg sa telefonkatalog sist uke.

33. Jeg tror at Valdemar har gått hjem.
34. Jeg sa juletreet sist uke.
35. De tok 9 av de beste.
36. Jeg tror at Valdemar lyver.
37. Hvorfor sa du levende?
38. Jeg tror at Hannemor har gått hjem.
39. Jeg sa lesebok sist uke.
40. Jeg tror at Peter lyver.
41. Han heter Valdemar Dale.
42. Jeg sa selvmålet sist uke.
43. Han heter Mons Dale.
44. Heter hun Hannemor Dalen?
45. Han heter Jan Eggen.
46. Jeg sa lærerforbundet sist uke.
47. Jeg tror at Peter har gått hjem.
48. Jeg sa levende sist uke.
49. Han heter Vidar Ross.
50. Sa du ananasene?
51. Jeg tror at Jan lyver.
52. Han heter Peter Fosse.
53. Jeg sa landsmålet sist uke.
54. Jeg tror at Vidar lyver.
55. Hun heter Anne Dalen.
56. Jeg sa karnevalene sist uke.
57. Jeg tror at Anne lyver.
58. Jeg sa femtenårsjubileum sist uke.
59. Jeg tror at Vidar har gått hjem.

9.5 TESTORDA

Testord	Tonelag	Kategori	Samansetning?	Frase?	Antal stavingar	Rimstruktur
Anne	2	Fornamn	Nei	Nei	2	Sonorantrim
Peter	1	Fornamn	Nei	Nei	2	Obstruentrim
Vidar	2	Fornamn	Nei	Nei	2	Lang vokal
Jan	1	Fornamn	Nei	Nei	1	Lang vokal
Mons	1	Fornamn	Nei	Nei	1	Sonorantrim
Ola	2	Fornamn	Nei	Nei	2	Lang vokal
Kari	2	Fornamn	Nei	Nei	2	Lang vokal
Sissel	2	Fornamn	Nei	Nei	2	Obstruentrim
Valdemar	1	Fornamn	Nei	Nei	3	Sonorantrim
Hannemor	2	Fornamn	Nei	Nei	3	Sonorantrim
Ross	1	Etternamn	Nei	Nei	1	Obstruentrim
Møller	1	Etternamn	Nei	Nei	2	Sonorantrim
Eggen	1	Etternamn	Nei	Nei	2	Obstruentrim
Dale	2	Etternamn	Nei	Nei	2	Lang vokal
Dalen	1	Etternamn	Nei	Nei	2	Lang vokal
Fosse	2	Etternamn	Nei	Nei	2	Obstruentrim
Levende	2	Anna	Nei	Nei	3	Lang vokal
Ananasene	1	Anna	Nei	Nei	5	Sonorantrim
Karnevalene	1	Anna	Nei	Nei	5	Sonorantrim
Volleyballene	1	Anna	Ja	Nei	5	Sonorantrim
Selvmålet	2	Anna	Ja	Nei	3	Sonorantrim
Landsmålet	1	Anna	Ja	Nei	3	Sonorantrim
delingsmodellene	2	Anna	Ja	Nei	6	Lang vokal
Fordelingsmodellene	1	Anna	Ja	Nei	6	Lang vokal
lærerforbundet	2	Anna	Ja	Nei	5	Lang vokal
9 av de	1	Tall	Nei	Ja	3	Lang vokal
15 av de	2	Tall	Nei	Ja	4	Sonorantrim
tusenårsjubileum	1	Anna	Ja	Nei	7	Lang vokal
femtenårsjubileum	2	Anna	Ja	Nei	7	Sonorantrim
Sitronkake	1	Anna	Ja	Nei	3	Lang vokal
telefonkatalog	1	Anna	Ja	Nei	4	Lang vokal
Juletreet	2	Anna	Ja	Nei	4	Lang vokal
Lesebok	2	Anna	Ja	Nei	3	Lang vokal

10.0 SAMANDRAG

Dette er ei oppgåve som er skriven om intonasjon i norsk som framandspråk. Målet med oppgåva har vore å forsøka å seia noko om kva tyske studentar som studerer norsk ved eit tysk universitet, gjer intonasjonsmessig sett når dei snakkar norsk. Materialet som er analysert, består av lydopptak av 4 tyske studentar som les om lag 60 på førehand utarbeidde norske rammesetningar som inneheld ulike testord. I oppgåva har eg ved hjelp av tre forskingsspørsmål forsøkt å seia noko meir om intonasjonen til informantane:

- 1. Kva slags intonasjonskonturar produserer tyske studentar i møte med norsk?*
- 2. Finst det nokon sams trekk ved intonasjonskonturane i materialet til den einsskilde informanten eller på tvers av informantane?*
- 3. Korleis samsvarar det dei gjer med det norske systemet slik det faktisk er?*

Eg har nytta ein analyse som har teke utgangspunkt i AP-ar, aksentfrasar. Ein AP strekk seg frå ei hovudtrykkstaving fram til neste hovudtrykkstaving. Ved å ta utgangspunkt i ein analyse basert på ei inndeling i AP-ar, var eg ute etter å få språklege storleikar som gjorde at eg kunne samanlikna likt med likt.

I arbeidet med denne oppgåva fann eg at det er skilnad på kva slags intonasjonskonturar informantane produserer (L*H-, H*L-, L*HL-, H*LH- og flate konturar), og at det kan vera ulike årsaker til variasjonen i intonasjonen til informantane. Vidare fann eg tendensar i den einsskilde informanten sitt materiale, samstundes som eg fann tendensar i materialet på tvers av informantane. Eit viktig funn var at det som skjer i intonasjonen hjå informantane ofte må studerast på ytringsplan og ikkje berre på AP-plan. Dette gjeld særleg i møte med dei flate konturane.

Det er vanskeleg å seia korleis det informantane gjer, korresponderer med det norske systemet slik det er, men trekk ved intonasjonen til informantane gjer at me assosierer dei med trekk frå vestnorsk/ nordnorsk eller austnorsk.

Eg har i denne oppgåva teke for meg eit fagfelt som ikkje er særleg utforska. Arbeidet er på den måten eit nybrottsarbeid, og kan nok til tider kanskje bera preg av dette. Likevel er det eit arbeid som eg meiner har synt interessante funn ved intonasjon i norsk som framandspråk, og peika på visse teoretiske utfordringar i møte med eit slikt materiale.